



INNKALLING

Møtedato: 23.04.2020
Møtestad: Fjernmøte
Møtetid: Kl. 12.00

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er til Kristian Stråmyr, tlf. 959 84 647 eller til epostadr. kristian.stramyr@aurland.kommune.no slik at varamedlem kan bli kalla inn.

Varamedlem møter etter nærmare innkalling.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på rådhuset.

Møtet vert gjennomført som fjenmøte i medhald av mellombels forskrift om gjennomføring av fjenmøter i kommunar og fylkeskommunar for å avgrense spreing av Covid-19.

Aurland, 17.04.2020

Trygve Skjerdal
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Gradering
017/20	Godkjenning av møteprotokoll	
018/20	Spørjetime	
019/20	Referatsaker	
020/20	Open post	
021/20	Budsjett- og ressursprioriteringar som følge av Covid-19 og svikt i kommunen sine kraftinntekter	
022/20	Detaljreguleringsplan for Kannikteigen - vedtak av plan	
023/20	Fråsegn til fornya konsesjon for Kjosfoss kraftverk og reguleringar i Flåmsvassdraget	
024/20	Holmen gruve og deponi - vurdering av planinitiativ	
025/20	Områdeplan for Mjølfjell - Brandset - vedtak av plan	
026/20	Sluttbehandling detaljreguleringsplan for varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvungen	
027/20	Endring av vedtekter for SFO i Aurland gjeldande frå 01.08.2020	
028/20	Lån til vidare utlån gjennom Husbanken - startlån	
029/20	Val av ekatra medlem til representantskapet i SIMAS IKS 2019-2023	
030/20	Siver Wangen - konsesjon ved overtaking av fast eigedom - gnr 8 bnr 5, gnr 26 bnr 2 og 4 i Aurland kommune - KLAGE	



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
017/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/173 - 20/1247		Kristian Stråmyr 95984647	19.02.2020

Godkjenning av møteprotokoll

Ingen merknader til møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 13.02.2020



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
018/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/173 - 20/2856		Kristian Stråmyr 95984647	17.04.2020

Spørjetime



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
019/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/173 - 20/2857		Kristian Stråmyr 95984647	17.04.2020

Referatsaker

Ingen merknader til referatsaker

Oversikt:

- 1, Sakshandsaming - Smitteavgrensing Aurland kommune
- 2, Mellombels forbod mot ilandstigning frå passasjerskip i internasjonal fart - vedtaksbrev
- 3, Sluttoppgjer etter flaumen i Aurland i 2014
- 4, Nasjonal Transportplan 2022-2033 - innspel frå Aurland kommune
- 5, Svar på spørsmål frå leiar i kontrollutvalet om tiltak for tidlegare utsending av dokument til kommunestyret
- 6, Oversending av sak frå kontrollutvalet til kommunestyret - vedtak i sak 2/2020 - tidspunkt for offentleggjering av sakspapir
- 7, Oversending frå kontrollutvalet til kommunestyret i Aurland - Årsmelding kontrollutvalet Aurland kommune 2019

8, Årsmelding 2019 - Aurland kyrkjestyre



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/173 - 20/2858		Kristian Stråmyr 95984647	17.04.2020

Open post



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
021/20	Formannskapet	02.04.2020
021/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
19/311 - 20/2301	K1-151, K1-145	Steinar Sjøgaard 95984633	27.03.2020

Budsjett- og ressursprioriteringar som følge av Covid-19 og svikt i kommunen sine kraftinntekter

Saka gjeld:

Aurland kommune vil få reduserte inntekter og auka utgifter som følgje av Covid-19, og må tilpasse investeringar og drifta for å møte desse utfordringane. Kommunen vil ikkje få utbytte frå selskap tilsvarande 6,5 mill. kroner i 2020. Redusert skatteinngang (inntektsskatt) må forventast, og det er kome søknader frå private bedrifter om å få redusert eller fritak for leigeutgifter av kommunale eigedomar.

På grunn av svært låge kraftprisar vil kommune få mindre betalt for konsesjonskrafta enn budsjettet. Dette utgjer om lag 4 mill. kroner.

Arbeidet med Covid-19 gjer at gjennomføringsevna er vesentleg redusert i høve investeringar og drift.

Tilråding frå rådmannen:

1. Aurland kommune reduserer investeringsbudsjettet slik det går fram av vurderinga.
2. Endringane vert innarbeidd i budsjettet for 2020 i samband med 1. tertalrapport.
3. Rådmannen får fullmakt til å disponere inntil 1 mill. kroner til næringsretta tiltak som følgje av Covid-19. Eventuell bruk av desse midlane skal sjåast opp mot statlege ordningar.

Saksframlegg

Aurland kommune vil få reduserte inntekter og auka utgifter som følgje av Covid-19, og må tilpasse investeringar og drifta for å møte desse utfordringane. Kommunen vil ikkje få utbytte frå selskap tilsvarande 6,5 mill. kroner i 2020. Redusert

skatteinngang (inntektsskatt) må forventast, og det er kome søknadar frå private bedrifter om å få redusert eller fritak for leigeutgifter av kommunale eigedomar.

På grunn av svært låge kraftprisar vil kommunen få mindre betalt for konsesjonskrafta enn budsjettert. Dette utgjør om lag 4 mill. kroner.

Arbeidet med Covid-19 reduserer gjennomføringsevna i høve investeringar og drift vesentleg.

Det blir arbeidd med eit forslag om å redusere tenestemråda/stab sine nettoutgifter med 5%. Dette blir lagt fram i samband med 1. tertialrapport 2020.

Konsekvensar for næringslivet

Regjeringa har sidan 12. mars 2020 innført strenge tiltak for å hindre og forseinke smitte av COVID-19-viruset i det norske samfunnet. Tiltaka inkluderer mellom anna:

- Stenging av skular og barnehagar
- Reiserestriksjonar/strenge reiseråd til og frå andre land
- Reglar for heimekarantene for personar som kjem frå utlandet
- Heimekarantene/-arbeid for personar med symptom på forkjøling
- Forbod mot arrangement
- Stenging av verksemder med stor sjanse for smittespreiing, til dømes barar, frisørar og treningsstudio

I tillegg til tiltaka innført i Noreg, har andre land innført eigne restriksjonar på inn- og utreise. Det er i tillegg innført ein del statlege ordningar for å bøte på dei økonomiske utfordringane til verksemdene. Desse har i første omgang fokusert på å redusere kostnader knytt til lønn og gje arbeidstakarar inntektssikring i tillegg til ei eiga ordning for private næringsdrivande og frilansarar.

Samtidig som at NAV registrerer høgre ledigheitstal, melder verksemdene i Aurland om stengingar og permitteringar. Grunna den høge delen reiselivsrelaterte verksemder i kommunen, vert næringslivet i Aurland spesielt hardt råka av både globale og lokale reiserestriksjonar.

Varehandelen i Aurland har vanlegvis òg nytt godt av høge besøkstal, sjølv utanom høysesongen. Desse melder no om mindre folk og trafikk og minka sal. Dette går spesielt utover dei mindre butikkane på dei små tettstadane som Undredal, Flåm og Gudvangen.

Frilansarar og private næringsdrivande som driv med reiselivsbaserte tenester eller spesialprodukt opplever allereie manglande etterspurnad. Handverkarar vert òg råka til dømes av mindre arbeid inne i folk sine hus grunna smittevernstiltak. I tillegg gjer sjukdom/karantenerreglar og stenging av skular og barnehagar at arbeidsstokken blir mindre fleksibel. Handverkarar og entreprenørar kan fort oppleve ringverknader av nedgangen i reiselivet og nedgangen i økonomien i samfunnet generelt, dersom dette fører til dømes til utsetjing av bygge- og anleggsprosjekt eller om moglege

oppdrag vert lagt på is.

Utifrå SSB sine tal, arbeider inntil 65 % av arbeidsstokken i Aurland innan yrker som kan bli råka av nedgangen og det er difor all grunn til å tru at ledigheitstala vil halde fram med å stige så lenge reiserestriksjonane vara.

I tillegg til førespurnader om informasjon om statlege ordningar, har det til kommunen kome konkrete førespurnader om utsett betaling av leigekostnader i kommunale bygg og fritak frå betaling av leige. Kommunen har handsama førespurnad om utsett betaling av leige og gitt dette fram til 1. september 2020. Eventuelle fritak frå betaling av leige i kommunale bygg vert handsma individuelt, og må sjåast opp mot statlege ordningar.

Vurdering

Vurdering av investeringsbudsjettet:

- Bygningsmessige titlak pleie og omsorg. Oppstart av arbeid med planarbeid og detaljprosjektering vert tilrådd nedprioritert. Gamle del av sjukeheim er tiltenkt som isolasjonsrom for handtering av pasientar i samband med utbrudd av koronavirus.
- Ny barnehage. Held fram, reduksjon.
- Turveg Heggvikji – Bøen. Held fram med grunnnerv, detaljprosjektering, skredsikring, geoteknisk prosjektering, reduksjon.
- Oppgradering kommunale bruer. Nedprioritert.
- Oppgradering Ryavegen og Flåmsdalsvegen. Reduksjon, asfaltering vert utsett.
- Omlegging av tilkomstveg A-feltet: Ferdig detaljprosjektering og anbodgrunnlag klart. Byggesøknad. Nedprioritert.
- Parkering Gudvangen. Reduksjon. Arbeidast vidare med erverv.
- Gatelyst Kleivi – Seinhølen: Held fram.
- Tursti Flåm skule – Brekkehagen: Nedprioritert, utfordrande eigedomstilhøve jf notat.
- Infiltrasjonsanlegg Gudvangen. Reduksjon, er i gang.
- Vassbehandling Flåm. Held fram
- Leidningar Ryggjatun – Vangen. Held fram.
- Utsifting pumpestasjon A-feltet. Held fram.
- Omlegging VA Orøyane. Held fram.
- Teknisk bygg Gudvangen. Held fram.
- Hovudplan VA. Anbudsprosess, felles for hovudplan og OVA plan Flåm sentrum. Viktig å gjennomføre i år.
- Vatn- og avlaup Bakka. Held fram.
- Ny inngang trimrommet. Held fram.
- Nærmiljøanlegg leikeplassar. Redusert
- Rassikring Nedre Brekke. Bruksavtala med nesten alle grunneigarar er klart. Ferdig detaljprosjektering, anbodgrunnlag klart, om lag klar med byggesøknad, SHA plan og ytre miljøplan. Held fram. Konsekvens: sikring av bustadfelt, byggjearbeid i påvente av sikring, ubebygde tomt som avventar sikring.
- Overtaking Ytstebøen: Nedprioritert.
- Rassikring Fiskhammar – veg. Held fram.
- Ty – grunnkjøp. Held fram.
- IKT. Held fram.

- Inngangsparti Rådhuset. Utsettast.
- Adgangskontroll rådhuset. Ferdig.
- Enøktiltak. Nye porter. Nedprioritert.
- Breibandutbygging. Held fram
- Toalett/kontor Gudvangen. Held fram.
- Uteområde Furuly. Reduksjon.
- Dagsturhytte: Utsett.
- Ny heis helsetunet. Må inn.

Endringane inneber ein reduksjon av det totale investeringsvolumet på om lag 20 mill.

Kommunen sin driftsutgifter til tenesteproduksjon blir vurdert redusert med 5%. Alle prosessvedtak i drifta som ikkje er påbegynt blir utsett.

Omdisponering av midlar i konsesjonsavgiftsfondet

Sidan den heimelsregulerte delen av konsesjonsavgifta er på kr 3 600 000, og det er lagt opp til ein høgare del av tilskot enn det som er naudsynt, vil det enklaste strakstiltaket vere å minke rammene for den søkbare delen til kroner 896 562 og omdisponere kr 731 438 til naudsynte tiltak i den kommunale organisasjonen, til dømes for å dekke inn tapt husleigeinntekt grunna fallande marknadsverdi på leige.

Rådmannen tilrår ikkje å redusere tilskotsordninga til landbruk, sidan dette er ei næring som i mindre grad vert råka av Covid-19 situasjonen. Det har allereie meldt seg søkarar og søknadsfristen har blitt annonsert, så tilskotsordninga for næring med frist 1. april bør gjennomførast utifrå dei vanlege reglane, men med redusert ramme. Det kan etter kvart vurderast å kutte ut tilskotsrunda i oktober, eller endre reglane for ordninga for å nytte denne som mogleg «krisehjelp» til verksemder i løpet av eller etter sesongen.

I ein slik situasjon kommunen er i, vil det vere føremålstenleg at rådmannen får fullmakt til å disponere inntil 1. mill. kroner til næringsretta tiltak som følgje av Covid-19. Eventuell bruk av desse midlane skal sjåast opp mot statlege ordningar. Dette gjeld òg dei søknadane kommunen allereie har fått inn vedkomande fritak frå betaling av leige i kommunale bygg.

Uprenta vedlegg til saka:

02.04.2020 Formannskapet

Tilleggsforslag:

Endringsframlegg til punkt 1 frå Per Are Flåm:

Helsetunet : 3 mill ta ut 2 mill fra opprinneleg budsjett

Barnehage : 7 mill ta ut 3 mill fra opprinneleg budsjett

Tursti Flåm skule - Brekkehagen ta ut 1,4 mill

Rassikring Nedre brekke : ta ut alt og omprioritere til TY 5,2 mill

Nytt framlegg frå Jonas Ure Hylland:

COVID-19-utbrotet har påverka samfunnet vårt på mange områder, både innanfor helse, sosialt og økonomisk.

Hovudfokuset må ligge på å sikre god tenesteyting. Dette inneber og å vere førebudd på tida

etter COVID-19 gjennom å prioritere at arbeidet med ny barnehage og helsetunet held fram.

Kommunen skal samarbeide godt med næringslivet og aktivt sikre at naudsynt planarbeid blir prioritert slik at aktiviteten i næringslivet kan halde fram.

Planarbeid som ikkje må takast no skal prioriterast ned, slik at ein kan frigjere ressursar til arbeid for å sikre at aktivitetsnivået held fram og aukar framover. (Dette kan óg frigjere stillingar, som igjen lettar økonomien.)

Arbeidet med gangvegen må halde fram, ein bør arbeide med å spele inn prosjektet som eit OPS-prosjekt.

Kommunen skal etter beste evne sikre størst mogleg grad gjennomføring av eksisterande prosjekt.

Handsaming i møte:

Per Are Flåm fremja eit endringsframlegg.

Jonas Ure Hylland fremja eit nytt framlegg.

Røysting:

Først blei nytt framlegg frå Jonas Ure Hylland sett opp mot punkt 1 og 2 i tilrådinga frå rådmannen.

Nytt framlegg frå Jonas Ure Hylland: 2 røyster (AP og H)

Tilråding frå rådmannen punkt 1 og 2: 3 røyster (SP)

Så vart det røysta punktvis over endringsframlegget frå Per Are Flåm.

Helsetunet: samrøystes

Rassikring Nedre Brekke: 2 røyster for (AP og H), 3 røyster mot (SP)

Til sist blei det røysta over punkt 3 i tilrådinga frå rådmannen.

Tilråding frå rådmannen punkt 3: 3 røyster for (SP), 2 røyster mot (AP og H)

FS-021/20 Vedtak:

1. Aurland kommune reduserer investeringsbudsjettet slik det går fram av vurderinga, med følgjande endring:

-Helsetunet : 3 mill ta ut 2 mill fra opprinneleg budsjett

2. Endringane vert innarbeidd i budsjettet for 2020 i samband med 1. tertalrapport.

3. Rådmannen får fullmakt til å disponere inntil 1 mill. kroner til næringsretta tiltak som følgje av Covid-19. Eventuell bruk av desse midlane skal sjåast opp mot statlege ordningar.

Vedlegg:

revidert invest 2020- finansiering



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
010/20	Plan- og eigedomsutval	16.04.2020
022/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
18/731 - 20/2463	K2-L12, K2-L41, GBNR-6/1, GBNR-6/4, GBNR-7/2	Ingunn Bårtvedt Skjerdal 95984646	05.04.2020

Detaljreguleringsplan for Kannikteigen - vedtak av plan

Saka gjeld:

Detaljregulering for Kannikteigen har vore ute til offentlig ettersyn. Det ligg føre motsegn til planen frå Fylkesmannen i Vestland. Motsegna er knytt til regulering av areal på nedsida av Skjerdalsvegen til fritids- og turistføremål. Fylkesmannen meiner dette er i strid med byggeforbodet i strandsona jf pbl § 1-8 og statleg planføresegn om differensiert forvaltning av strandsona.

Når det føreligg motsegn har ikkje kommunen heimel til å endeleg vedta den delen av planen det føreligg motsegn mot. Det må likevel føreligge politisk vedtak i plan og eigedomsutvalet før meklingsmøte. Saka blir teke til mekling før endeleg vedtak i kommunestyret.

Tilråding frå rådmannen:

1. Detaljregulering for Kannikteigen plan ID 4621-2018002 vert vedteken med deiendingar i føresegnene som går fram av vurderinga.

2. Delar av reguleringsplanane:

- Otterskål – Grønnene, planid 1421-1994004, vedteken 22.09.1994
- Gang- og sykkelveg Ytstebøen – Høydalen, planid 1421-2010004 vedteken 23.09.2010

inkludert alle seinare planendingar, delplanar og tilhøyrande føresegner som ny detaljregulering for Kannikteigen planid 4621-2018002 får konsekvensar for vert oppheva

Saksframlegg

Det er utarbeidd detaljreguleringsplan for Kannikteigen. Det er Norconsult som har utarbeidd planen på vegne av grunneigar Sjur Gjerløw.

Planområdet er lokalisert på Kannikteigen, tilnærma 1,7 km nord for Aurlandsvungen. Planen femnar om g/bnr. 6/4, 6/6 og delar av 6/1, 6/7 og naustparsell 7/2. Planområdet er på tilnærma 12 daa i eit område med tilnærma 70 m høgdeskilnad frå lågaste til høgaste punkt.

Gjeldande planer innanfor området:


- i arealdelen til kommuneplanen er området sett av til eksisterande busetnad.
- reguleringsplan for Otterskål – Grønnene: arealet vest for fv til Skjerdal er regulert til område for utleigehytter. Planen var fremma av komunen og vedteken i 1994.
- reguleringsplan for fortau frå Ytstebøen – Høydalen: regulerer fortau langs fv til Skjerdal

Planområdet ligg langs fv. 242 Skjerdalsvegen, på austsida av Aurlandsfjorden. Planområdet er knytt til sentrumsområdet på Aurlandsvungen med ein gang- og sykkelveg. I sentrumsområdet (1,7 km) finn ein barnehage, butikk, bank, kino, m.m. Rett utanfor sentrum ligg barne- og ungdomsskulen og idrettsanlegget (2,2 km).

Planområdet er tilknytt offentleg infrastruktur i form av veg, gang- og sykkelveg, vatn og avlaup. Tilgang til grøntområde og opparbeide uteopphaldsareal er trygga gjennom etablerte stiar og/eller gang- og sykkelveg. Planen legg også til rette for opparbeiding av eit felles leike- og opphaldsareal knytt til bustadtiltaka

Planframlegget

Framlegget til plan legg til rette for oppføring av ein bygningsmasse på 5000 m² BRA, fordelt på leilegheitsbygg, småhus og utleigehytter.



- B1 og B2 er regulert til småhusbebyggelse med til saman 7 bustadeiningar, felta skal byggast ut etter ein samla plan. Det er planlagt at feltet skal ha tilkomst via Klokkargarden, det er lagt inn krav om 1,5 p-plassar pr buening.
- BBB - det er opna for bygging av bustadblokk med 15 bueningar med garasjeanlegg, maks møne- og gesimshøgde 12,8m over gjennomsnittleg terrengnivå, det er planlagt garasjeanlegg i kjellar og 4 etasjar med leilegheiter over kjellaren. Anlegget skal ha tilkomst frå fv mot Skjerdal. Det er lagt inn krav om 1 p-plass pr buening, samt 6 plassar til gjesteparkering, det er ikkje eit krav at gjesteparkering skal ligge innanfor BBB.
- BFT – fritids- og turistformål som opnar for etablering av 3 utleieeiningar i tillegg til dei to som står på området i dag. Det er i tråd med gjeldande plan i området.
- BLK . leikeplass – felles for bustadane i B1, B2 og BBB. Det er eit krav at plassen skal opparbeidast samtidig som utbygginga av bustadområda skjer.

Planprosessen

Oppstart av planarbeid vart varsla i desember 2018. Frist for å kome med merknadar var i januar 2019. I november 2019 vart det gjort vedtak om å legge detaljreguleringsplanen ut til offentlig ettersyn. Planen lå ute til offentlig ettersyn og høyring i perioden 27.11.2019 – 08.01.2020. Det er motteke motsegner til planen frå Statens vegvesen og Fylkesmannen i tillegg til to fråsegner.

Det har og vore ei avgrensa høyring av ei endring av føresegnene knytt til leilegheitsprosjektet, det gjaldt maks BRA og maks byggehøgde innanfor område BBB, det har ikkje kome merknadar til desse endringane.

I samsvar med reglane knytt samordning av motsegner er det gjennomført

dialogmøte hjå Fylkesmannen. Alle motsegnspunkta er ikkje løyst.

For å kome vidare i saka til evt meklingsmøte må det gjerast politisk vedtak om å fremme saka. Det vil legge grunnlag for å gjennomføre meklingsmøte mellom kommunen og Fylkesmannen.

Kommunen kan vedta dei delane av planen det ikkje ligg føre motsegn til.

Vurdering:

Mottekne fråsegner:

NVE, datert 2.01.20

- NVE har ikkje utfyllande merknad til korleis deira saksområde er vurdert og teke omsyn til i planframlegget.

Kommentar frå administrasjonen: ingen kommentar:

Vestland fylkeskommune, datert 08.01.20

- Det må leggest inn meir konkrete føringar under punkt 9 i føresegnene – Bruk og vern av sjø og vassdrag. Det er ut i frå føresegna uklårt kva slags anlegg som er tenkt etablert, og kvar innanfor føremålsområdet det er tenkt etablert.

- tilrår at det i føresegnene, under punkt 9., vert inkludert føringar for kva anlegg som kan etablerast her, storleik og meir nøyaktig plassering innafor føremålsområdet.

Kommentar: det er gjort framlegg til endringar i formuleringa knytt til føresegna, men den er så langt ikkje godkjent av Fylkesmannen i Vestland.

Motsegner:

Statens vegvesen, datert 12.12.19

Fremjar motsegn knytt til føremål B1 og B2. Dagens kryss mellom Klokkargarden og Bjørgavegen har for dårleg sikt og krysset har dårlig geometri i høve krav gitt i vegnormal N100. Statens vegvesen vil ikkje tilrå utvida bruk av krysset slik det ligg. Motsegna vil bli trekt attende dersom det vert laga rekkjefølgjeføresegn knytt til at krysset med fylkesveg 5627 vert utforma og ferdig opparbeida i tråd med vegnormal N100 før bruksløyve til B1 og B2 kan bli gitt.

Kommentar frå administrasjonen

Det vart gjennomført dialogmøte hjå Fylkesmannen. Etter dialogmøte har Statens vegvesen, kommunen og tiltakshavar gjennomført synfaring på staden, der vart partane einige om ei løysing. Statens vegvesen har i brev datert 25.02.20, stadfesta at dei trekker si motsegn, etter at det er innarbeid følgjande føresegn i rekkjefølgjeføresegnene til planen:

«4.1.2. Kryss fylkesveg 5627

Før bruksløyve til B1 og B2 vert gitt må krysset med fylkesveg 5627 vere opparbeidd på ein måte som kan godkjennast av Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen og fråviksmyndigheiten. Utforminga av krysset må avklarast gjennom ein eigen søknadsprosess.»

Fylkesmannen i Vestland, datert 08.01.20

Fylkesmannen varsla motsegn mot

- handtering av støy i planframlegget

- føresenene 9.1. mangelfull styring av tiltak i sjø

- kritiske til reguleringa av heile området på nedsida av fylkesvegen til fritids- og turistformål

Fylkesmannen inviterte til dialogmøte for å drøfte motsegnspunkta. Konklusjonen frå dialogmøte var at tema støy, føresegn knytt til etablering av brygge i området for bruk og vern av sjø og vassdrag kunne løysast.

Støy:

Vurderingane knytt til støy i planframlegget er oppdatert og det er innarbeid nye vurderingar og reviderte føresegnar på bakgrunn av dialogen med Fylkesmannen. Fylkesmannen har hatt endringane til uttale og ønsker å bringe dette temaet også inn i meklingsmøte. Kommunen meiner at det ikkje er grunnlag for det i og med at det var einigheit i dialogmøtet om at temaet kunne løysast utan motsegn. Det er ikkje fremja motsegn til tema støy etter dialogmøtet.

Område for bruk og vern av sjø og vassdrag:

Det er lagt fram ei endring av føresegnene for Fylkesmannen, dei var framleis ikkje nøgde med presiseringa og ønskjer å bringe tema inn i meklingsmøtet. Kommunen kan ikkje stille seg bak det. Det er ikkje fremja motsegn til tema bruk og vern av sjø og vassdrag etter dialogmøtet.


Etter dialogmøte har kommunen motteke to motsegner:

- knytt til krysset mellom Bjørgavegen og Klokkargarden, det er gjort greie for den knytt til kommentaren til motsegna frå Statens vegvesen over
- motsegn til planframlegget si løysing for fritids- og turistformålet på nedsida av fylkesvegen, med grunnlag i planen sine verknader for allmenne omsyn i strandsona, jf. pbl. § 1-8 og Statlege planretningsliner for ei differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.

Område BFT – fritids- og turistformål

Nærare vurdering av om planen sine verknader for allmenne omsyn i strandsona. Arealet som i planframlegget er regulert til fritids- og turistformål er ein parsell av gbnr 6/1 og nausttomta gbnr 7/2, med eit samla areal på om lag 1800 m². Området er bygd ut med to utleigehytter, brygge, veg og opparbeida plen. Det er eigaren som har stått for utfylling, opparbeiding og drift av området.

Natur- og kulturverdiane i området er knytt til Aurlandsfjorden som del av nasjonal laksefjord, den inngår i eit kandidat område til marin verneplan og den er ein del av Verdsarvområde vestnorsk fjordlandskap delområde sør Nærøyfjorden. Området er på 1,8 daa og er bygd opp på fylling som ligg 2,5 moh. I forhold til storleiken på fjordsystemet og verdsarvområdet det grensar til er området lite og det vil i liten grad ha negativ verknad på verdiane i området.



Strandsona er prega av at fv 5625 er etablert på fylling. Litt sør for gbnr 6/1 ligg det ei kommunal badestrand. Den er om lag 70 m lang og er ein av få naturlege sandstrender . Området er definert som viktig i kartlegginga av friluftslivsområde. Langs fv er det fleire område som er fylt ut, ingen andre område er opparbeidd og bygd ut med utleiehytter som på gbnr 6/1.

Vurdering etter differensiert forvaltning av strandsona, jf statleg planretningslinje for differensiert strandsoneforvaltning. Aurland kommune ligg i sone 3 som vert omtala i kap 7:

Eigedomen er bygd ut og det er planlagt utbygging med ytterlegare tre utleieeiningar, arealet er 1800 m2. Området er fylt ut og den delen av tomte som ikkje er bygd ut har plen. Den nordre delen ligg utanfor den private sona jf. friluftslvsloven og er tilgjengeleg for ålmenta. Eigaren driv aktivt landbruk og utleiehyttene er etablert som ein del av drifta på garden. Det har vore ei langsiktig satsing og sikrar drifta på eigedomen, som i tillegg driv med sau. Utleie til turistar har etter kvart vorte ein viktig del av inntektsgrunnlaget på garden. Vurdering av lokalisering vart gjort allereie på 90-talet då første reguleringsplanen som la til rette for utbygging av utleiehytter vart utarbeidd. I Aurland er det generell knappheit på tilgjengeleg byggeareal, på grunn av naturfare, jordvern, byggeforbod langs sjø og byggegrense mot vegar. Det er ikkje anna tilgjengeleg byggeområde på garden i dette området er det lagt ned ressursar i infrastruktur og arealet er allereie teke i bruk som område for utleiehytter og er godt eigna til vidare utvikling

Plansituasjonen:

<p>Utsnitt av gjeldende plan, vedteken 22.09.94, med endring vedteken 20.09.2001. planen var utarbeidd av Aurland kommune. Området er regulert til fritidsutbygging, naust avkøyring og eit lite parkområde i samband med avkøyrslø. I kartet er både regulerte naust og hytter teikna inn. Det regulerte nauset på gbnr 7/2 er regulert inn som erstatning for eit naust som vart rive i samband med bygging av fylkesvegen. Garden har utmark på andre sida av Aurlandsfjorden.</p>	<p>Utsnitt av kart med ortofoto syner opparbeidinga av området pr i dag. Området er fylt ut i perioden 1997-1999. Utleiehyttene vart opna i 2005. Det er etablert ein mur langs fv som støyskjerming mot utleiehyttene.</p>	<p>Utsnitt av detaljreguleringsplan som har vore på høyring. Området på nedsida av vegen er regulert til fritids, og turismformål. Det er opna for bygging av tre utleie einingar i tillegg til dei to som står der.</p>

I gjeldande reguleringsplan er det opna for bygging av tre utleieeiningar til. Dei er teikna inn i plankartet. Jf overgangsbestemmelsene i pbl § 34-2 er denne planen gyldig fram til den vert erstatta av ein ny plan. I pbl § 1-8 er det eit generelt forbod mot tiltak langs sjø. Vidare er det vist til at det i 100-metersbeltet lang sjøen skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Det er forbod mot tiltak etter pbl § 1-6 med unnatak av fasadeendring. I tredje ledd er det eit unntak: «*Forbudet etter andre ledd gjelder så langt ikke annen byggegrense er fastsatt i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan, jf. §§ 11-9 nr. 5 og 12-7 nr. 2.*» I ein tolkingsuttale frå KMD datert 28.05.2019 knytt til pbl § 1-8 spørsmål om byggegrense i strandsonen – pbl § 1-8 tredje ledd, står det:

«Departementet har lagt til grunn at bygninger og brygger som er inntegnet på plankartet med juridisk bindende virkning, vil kunne anses å oppfylle kravet til byggegrense.»

Eigaren kan sende inn og få løyve til bygging av tre utleiehytter og eit naust med heimel i gjeldande reguleringsplan. Aurland kommune legg dette til grunn når reguleringsplanen vert fremma med område for fritids, og turistformål på nedsida av vegen.

Endra føresegner etter førstegongsbehandling:

- 4.1.2. Kryss fylkesveg 5627

Før bruksløyve til B1 og B2 vert gitt må krysset med fylkesveg 5627 vere opparbeidd på ein måte som kan godkjennast av Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen og fråviksmyndigheiten. Utforminga av krysset må avklarast gjennom ein eigen søknadsprosess.

- 6.1.5 Støy

a. Grenseverdiane gjeve i tabell 3 i Klima- og miljødepartementet sine retningslinje T-1442/2016 vert gjort gjeldande for planområdet. Innanfor gul støysone der det er vindu til rom for støyømfintlege bruksføremål (i praksis soverom, stover og kjøken) skal det gjennomførast avbøtande tiltak som stettar krav til innandørs støynivå i samsvar med gjeldande forskrifter. Alle bueningar skal ha tilgang til uteareal kor støygrensene i tabell 3 er tilfredsstilt.

- 7.3.b Maksimale møne- og gesimshøgder er 12, 8 meter over gjennomsnittleg planert terreng.

- 7.3.d. Maksimalt bruksareal (BRA) er 2300 m². Sykkelparkering på terreng, samt parkering, bodar i kjeller og teknisk rom under terreng vert ikkje rekna med i BRA.

- 9.1 V – bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

a. I området kan det etablerast ei brygge på inntil 25m². Brygga kan etablerast som flytebrygge eller landfast brygge på pælar eller med front i naturstein.

- 10.2 Støysone – gul sone,

a. Omsynssona svarar til kartlegginga av fylkesvegen som er gjennomført av Statens vegvesen, i samsvar med retningslinene for handsaming av støy i arealplanlegging. Dokumenterte lokale støymålingar kan avgrense omsynssona ytterlegare.

Oppsummering og samla vurdering:

Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

Det er gjort endringar i planforslaget for å rette seg etter motsegna frå Statens vegvesen. Motsegna er no trekt,

Det er gjort endringar i planforslaget for å rette seg etter varsla motsegner frå Fylkesmannen slik det var einigheit om på dialogmøtet. Fylkesmannen ønsker likevel å bringe tema inn i meklingsmøtet, sjølv om det ikkje er fremja motsegn knytt til støy og bruk og vern av sjø og vassdrag.

Fylkesmannen har motsegn knytt til område som i planen er lagt ut til fritids- og turistformål. Denne er ikkje avklart og kommunestyret kan ikkje gjere endeleg vedtak før planen har vore til mekling.

Planforslaget er godt gjennomarbeidd og varetek nødvendige omsyn. Det er interesse motsetnad mellom omsynet til i strandsona og utbygginga som er heimla i planar tilbake til 1990-talet. At det skal vere føreseielege rammer for utvikling av eigedomar er lagt til grunn for slutthandsaminga og framlegg til vedtak i saka.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår rådmannen at planframlegget detaljreguleringsplan for Kannikteigen Planid 4621-2018002 vert vedteken.

Uprenta vedlegg til saka:

Tidlegare saksframlegg, mottekne fråsegner i samband med oppstart av planarbeid..

16.04.2020 Plan- og eigedomsutval

Handsaming i møte:

Røysting:

Tilråding frå rådmannen: samrøystes

PEU-010/20 Vedtak:

1. Detaljregulering for Kannikteigen plan ID 4621-2018002 vert vedteken med deiendingar i føresegnene som går fram av vurderinga.

2. Delar av reguleringsplanane:

- Otterskål – Grønnene, planid 1421-1994004, vedteken 22.09.1994

- Gang- og sykkelveg Ytstebøen – Høydalen, planid 1421-2010004 vedteken 23.09.2010

inkludert alle seinare planendingar, delplanar og tilhøyrande føresegner som ny detaljregulering for Kannikteigen planid 4621-2018002 får konsekvensar for vert oppheva

Samrøystes

Vedlegg:

Føresegner Kannikteigen rev.

Planomtale Kannikteigen rev

Plankart - Kannikteigen

ROS - Kannikteigen

Svar på førespurnad om trekking av motsegn

Vedkommande detaljregulering Kannikteigen - avgrensa høyring av endring av planføresegn

Detaljregulering Kannikteigen - avgrensa høyring av endring av planføresegn

Samordna fråsegn frå Fylkesmannen i Vestland til offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Kannikteigen

Svar frå Vestland fylkeskommune - Detaljreguleringsplan for Kannikteigen - offentleg ettersyn og høyring

Gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Kannikteigen - avtale om dialogmøte

Uttale frå NVE til detaljreguleringsplan for Kannikteigen

Svar - detaljreguleringsplan for Kannikteigen - offentleg ettersyn og høyring

Vedkommande detaljreguleringsplan for Kannikteigen - førespurnad om trekking av motsegn - Aurland kommune.pdf

Tilbakemelding til justert planframlegg for Kannikteigen etter dialogmøte med Aurland kommune



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/20	Formannskapet	02.04.2020
023/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/142 - 20/2242	K2-S11, K3-&13	Ingunn Bårtvedt Skjerdal 95984646	25.03.2020

Fråsegn til fornya konsesjon for Kjosfoss kraftverk og reguleringar i Flåmsvassdraget

Saka gjeld:

BaneNor SF søker om fornya konsesjon for Kjosfoss kraftverk og reguleringar i Flåmsvassdraget. Konesjonssøknadene r på høyring med frist for fråsegn 15.05.2020.

Tilråding frå rådmannen:

Aurland kommune har ingen merknadar til søknad om fornya konsesjon for Kjosfoss kraftverk og reguleringar i Flåmsvassdraget.

Saksframlegg

Aurland kommune har motteke konsesjonssøknad for Kjosfossen kraftverk og reguleringane i Flåmsvassdraget på høyring. Frist for å kome med fråsegn er 15.05.2020.

BaneNor søker om løyve til:

- å regulere Klevavatn, Seltuftvatn og Reinungavatn i samsvar med gitte opplysningar om oppdemming og senking av vasstand gitt i konsesjonssøknaden
- framhald i drift og vedlikehald av Kjosfoss kraftverk
- utnytting av fallet mellom Reinungavatn og Kjosfoss kraftverk

Det vert ikkje søkt om å endre reguleringsgrenser

Bakgrunn:

Reguleringane i Flåmsvassdraget i Aurland og Ulvik kommunar i Vestland fylke vert utnytta i kraftverka i Kjosfossen eigd av BaneNOR SF og Leinafoss er eigd av

Aurland energiverk og drifta av E-CO Energi.

Søknaden gjeld konsesjon til Kjosfossen kraftverk og dei eksisterande reguleringane som har utløpt. Det vert ikkje planlagt endringar av reguleringane, men det er gjennomført oppgradering av alle reguleringsdammane og det er installert nye tappeorgan på Klevavatnet og Reinungavatnet slik at alle reguleringane kan fjernstyrast.

Tiltaket gjeld følgjande reguleringar:

Stad	HRV(høgste regulerte vasstand) /LRV (lågaste regulerte vasstand)	Magasin- volum (mill.m3)	Delfelt (km2)	Tilsig (mill. m3/år)	Magasin- prosent (%)
Klevavatn	958 / 949	7,7	109,1	230,1	3,4
Seltuftvatn	812 / 808,5	1,6	43,1	90,3	1,8
Reinungavatn	764,5 / 763	1,2	13,9	29,2	4,1
Totalt til Kjosfoss		10,5	166,1	349,6	3,0
Totalt til Leinafoss		10,5	230,1	491,5	2,1

Magasina med reguleringar er relativt små, og gir eit bidrag til total kraftproduksjon i kraftverka Kjosfoss og Leinafoss på ca 50 GWh/år. Den totale produksjonen i Kjosfoss Kraftstasjon med reguleringar er berekna til 26,5 GWh/år

Reguleringa i Reinunga vart etablert i samband med Kjosfoss kraftverk i 1944, men Seltuftvatn og Klevavatn vart regulert noko seinare. Alle konsesjonar har utløpt.

Driftsmessig vert magasina fylt når snøsmeltinga startar og det er berre unntaksvis at vasstanden er senka når landskapet ikkje lenger er snødekt. Ettersom reguleringane ikkje vert endra vil det ikkje vere nokon endring i miljøkonsekvensar

Oppsummering av konsekvensar:

I tabellen under vert konsekvensvurderinga av kvart enkelt tema oppsummert

Tema	Konsekvens
Vanntemperatur, isforhold og lokalklima	Ubetydelig (0)
Grunnvann	Ubetydelig (0)
Ras, flom og erosjon	Ubetydelig (0)
Naturtyper/vegetasjon	Liten negativ til ubetydelig (-/0)
Fauna	Liten negativ (-)
Akvatisk miljø, fisk og ferskvannsbiologi	Liten negativ til ubetydelig til (-/0)
Verneinteressar	Liten negativ (-)
Landskap og inngrepsfrie naturområder	Liten negativ (-)
Kulturminner og kulturmiljø	Ubetydelig til liten negativ (0/-)
Landbruk	Ubetydelig (0)
Ferskvannsressurser, vannkvalitet og resipientinteressar	Ubetydelig (0)
Brukerinteressar / friluftsliv	Liten negativ til ubetydelig (-/0)
Reiseliv	Liten negativ (-)
Samfunnsmessige virkningar	Ubetydelig til liten positiv (0/+)

Eit alternativ til opprusting og søknad om ny konsesjon kunne vere nedlegging av reguleringa med permanent senking av vasstanden ned til naturleg utløpsterskel, men det vert sett på å ha ein betydeleg landskapsmessig konsekvens ettersom oppdemningsdelen av reguleringssona vert eksponert permanent

Dei negative miljøverknadane av tiltaket vert vurdert som små i høve nullalternativet som inneberer ingen regulering. Det vert ikkje føreslege minstevassføring. Av omsyn til raudlisteartar bør anleggsperioden for eventuell opprusting av tappe-/reguleringsluka ved dam Seltuftvatnet avklarast med Fylkesmannen før oppstart.

Planstatus:

Det aktuelle området ligg i LNF-område i arealdelen til kommuneplanen, området er ikkje omfatta av reguleringsplanar.

Vurdering

Konsekvensvurderinga av tema natur, miljø og samfunn tek opp i seg alle aktuelle tema. Konsekvensane vert samla sett vurdert til å vere små.

Kjosfossen er ein viktig turistattraksjon langs Flåmsbana og krav om minstevassføring er drøfta opp i mot tapet av kraftproduksjon. Det er konkludert med at det er svært få dagar i løpet av ein sommarsesong som ikkje har vassføring i Kjosfossen og at verditapet knytt til krav om minstevassføring relativt sett er stort. Rådmannen sluttar seg til desse vurderingane.

Aurland kommune har ingen merknadar til søknad om konsesjon for vidare drift av Kjosfossen kraftverk med regulering av Klevavatn, Seltuftvatn og Reinungavatn.

Uprenta vedlegg til saka:

Alle saksdokument er tilgjengeleg på NVE si nettside:

<https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8466&type=V-1>

02.04.2020 Formannskapet

Tilleggsforslag:

Nytt framlegg frå ordførar Trygve Skjerdal:

Formannskapet ber rådmannen vurdere behovet for konsekvensutgreiing i samband med konsesjonssøknaden vedkomande flaumfare, liv og helse og vurdering knytt til kommunen sine rettar og interesser.

Handsaming i møte:

Ordførar Trygve Skjerdal fremja eit nytt framlegg.

Røysting:

Nytt framlegg frå Trygve Skjerdal: samrøystes

FS-023/20 Vedtak:

Formannskapet ber rådmannen vurdere behovet for konsekvensutgreiing i samband med konsesjonssøknaden vedkomande flaumfare, liv og helse og vurdering knytt til kommunen sine rettar og interesser.

Samrøystes



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/20	Plan- og eigedomsutval	16.04.2020
024/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/94 - 20/2544	K2-L12, K3-&17	Ingunn Bårtvedt Skjerdal 95984646	05.04.2020

Holmen gruve og deponi - vurdering av planinitiativ

Saka gjeld:

Aurland kommune har motteke privat planinitiativ for utarbeiding av reguleringsplan for Holmen gruve og deponi. Det er Gudvangen Stein As som står bak initiativet. Dei ynskjer å legge til rette for etablering av deponi for mineralske masser (farleg avfall) i fjellhaller under bakken, samt å halde fram gruveverksemda med uttak av anortositt.

Tilråding frå rådmannen:

Aurland kommune avviser planinitiativet for utarbeiding av detaljreguleringsplan for Holmen gruve og deponi. Etablering av deponi i verdsarvområdet er ikkje avklara i overordna plan og på prinsipielt grunnlag ynskjer ikkje Aurland kommune å legge til rette for deponi av farleg avfall i verdsarvområdet.

Saksframlegg

Gudvangen stein AS eig og driv gruvedrift i Nærøydalen. I Noreg er det behov for etablering av mottak for lagring av farleg avfall på kort og lang sikt. Gudvangen Stein AS har inngått eit samarbeid med Norsk Gjennvinning m3 AS med mål om å regulerte og etablere deponi for farleg avfall i gruvene i Gudvangen.

Formålet med planen er å etablere deponi for mineralske massar i fjellhaller under bakken, samt ta imot flygeaske, kombinert med framhald i gruveverksemd med uttak av anortositt.

Dagens drift:

Eigedomen er på 600 dekar, med ikkje tidsavgrensa konsesjon på uttak av anortositt

I gruvene vert det teke ut anortositt som vert transportert på lastebil til Gudvangen sentrum, massane vert mellomagra på kaia i Gudvangen og transportert på skip frå Gudvangen.

Planområdet

Området Holmen ligg på grensa til Voss kommune i øvre del av Nærøydalen. Nærøydalen er ein trang dal, med flat dalbotn og høge bratte fjellsider. Dalen buktar seg nord austover frå Stalheim mot Gudvangen. I dalbotn renn Nærøydalselvi og parallelt med elva går E16 stamvegen mellom Oslo og Bergen gjennom dalen.

Det har vore gruvedrift i området tilbake til 60-talet. Gjennom planområdet går den nye vegen til Jordalen. Denne vart etablert i samband med utbygging av Holmen kraftverk. Det vil utarbeidd reguleringsplan både for anlegget på bakken og under bakken.

Utskipingskaia inngår ikkje i planinitiativet som kommunen har motteke.

Planlagt framdrift:

2020/ 1. Kvartal: oppstartsmøte

2020/ 2. Kvartal:

- Politisk forankring av planoppstart (23.04.2020)
- Planprogram og varsel om oppstart planarbeid og høyring av planprogram med minimum 6 veker merknadsfrist
- Merknadsmøte med kommunen
- Oppstart/feltarbeid div. utgreiingar
- Starte vurderingar knytt til plangrep.

2020/ 3.Kvartal:

- Vidare arbeid med utgreiingar
- KU-gjennomgang med kommunen
- Utarbeide komplett planmateriale med kart, bestemmelser, illustrasjonar, planbeskrivelse, mm.

2020/ 4. Kvartal:

- Ferdigstille og kvalitetssikre alt av planmateriale
- Innsending til 1.gongshandsaming andre halvdel av desember 2020

2021/ 1. Kvartal:

- Offentlig ettersyn
- Nabomøte

2021/ 2. Kvartal:

- Merknadsbehandling
- Bearbeiding av planforslag
- Innsending til 2.gongs handsaming andre halvdel av juni 2021

2021/ 3. Kvartal:

- 2.gongshandsaming administrativt
- 2.gongshandsaming i kommunestyret medio september

2021/ 4. Kvartal:

- Klagefrist går ut i desember 2021

Plansituasjon:

- I gjeldande reguleringsplan er området i dagen regulert til industri kombinert med område for råstoffutvinning. Det er regulert ein vegetasjonsskjerm i området mellom gruveområdet og Jordalselva. Mot Nærøydalselva er det regulert ei sone for friluftsområde. Det er opna for utviding av eit område for erverv knytt til Industriområde I1 gjennom arealdelen til kommuneplanen.

- Arealdelen til kommuneplanen viser til vedteken reguleringsplan for området. eit

område er sett av til utvida område for erverv.

- Nærøyfjorden landskapsvernområde ligg i området
- Nærøydalselva er verna vassdrag og nasjonal lakseelv
- Området ligg i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap delområde sør Nærøyfjorden.

Forholde til vedrsarv - innskrivningsgrunnlaget er knytt til natukriteria (I) og (III)

«Kriterie (i): Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, framifrå velutvikla fjordar, og vert rekna for å vere typelokalitet for fjordlandskapa i verda. Storleiken og kvaliteten på desse fjordane kan samanliknast med andre fjordar på Verdsarvlista, og dei utmerker seg med sine klimatiske og geologiske tilhøve. Området syner alle element av landformer knytt til dei indre delane av to av dei lengste og djupaste fjordane i verda.

Kriterie (III): Nærøyfjord- og Geirangerfjordområda vert rekna mellom dei framifrå vakraste fjordlandskapa på kloden. Deira unike naturvenleik kjem av dei tronge dalgangane med bratte krystallinske bergsider som strekkjer seg frå 500 m under vassflata til 1400 meters høgde over Norskehavet. Eit utal fossar kastar seg utfor dei stupbratte fjellveggane, medan talrike frie elvar renn frå takkete fjell, brear og bresjøar, gjennom lauv- og barskog, og ned til fjorden. Eit stort mangfald av andre naturfenomen på land og i vatn med m.a. undersjøiske morenar og sjøpattedyr, forsterkar naturopplevinga. Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stolar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området»

Verdsarvkomiteen i UNESCO «Bed om å bli informert av Noreg sin stat om alle framlegg om å utvide gruveaktivitet innanfor området og om alle tiltak for å avgrense påverknadene av eksisterande gruvedrift. Nøye overvaking vil bli kravt, då slike aktivitetar, dersom dei ikkje blir omhyggeleg følgt, vil kunne ha betydeleg påverknad på dei synlege kvalitetane på området (kriterie III)

Forholdet til Nærøyfjorden landskapsvernområde:

Verneforskrift og grenser for Nærøyfjorden landskapsvernområde i Gudvangen/ Nærøydalen er utforma slik at det er teke høgde for ev. underjordisk bergverksdrift i området, så framt fjellportar for tilgang til driftsareal og utskiping ligg utanfor vernegrensene til landskapsvernområdet

Risiko og sårbarheit:

- Viktig tema vil veren naturfare (flaum, skred, grunntilhøve)
- Risiko knytt til transport av farleg avfall i eit område med høg naturbasert risiko
- Trafikktryggleik, spesielt knytt til Gudvangen sentrum
- Støy og støv frå verksemda
- Ureining
- Samlokalisering med sårbare objekt som verdsarvområde, landskapsvern, nasjonal lakseelv og verna vassdrag, omsynssone kulturmiljø i Gudvangen sentrum.

Verknader av tiltaka planen opnar for

Forslagsstiller peiker på fleire miljøaspekt som må gjerast greie for i samband med planane om framtidig deponi i fjellhallar, som støv, støy, utslepp frå trafikk, sigevatn og transport til og frå utskipingskaia i Gudvangen. Forslagsstiller opplyser at det er planar om å flytte knuseverket inn i fjell og at drifta av det vert endra til elektrisk drift.

Det er konkludert med at det må utarbeidast konsekvensutgreiing for detaljreguleringsplanen, jf bestemmelsene i KU-forskrifta § 8.

Vurdering

Gjennom dei nasjonale forventingane til kommunal og regional planlegging 2019-2023 har regjeringa gjort det tydeleg at

- Dei norske verdsarvområda skal vere gode eksempel på heilskapleg natur- og kulturminneforvaltning.»

Regjeringa forventar at: *«Fylkeskommunane og kommunane utviklar dei norske verdsarvområda som fyrtårn for den beste praksisen innanfor natur- og kulturminneforvaltninga gjennom arealplanlegginga.»*

Planinitiativet er fremma med heimel i forskrift om handsaming av private reguleringsplanar. Plansystemet definert i plan og bygningsloven er bygd opp slik at overordna planar som kommuneplanen sin arealdel skal avklare overordna problemstillingar medan detaljreguleringsplanar skal følgje opp tiltak i arealdelen. Med bakgrunn i at etablering av deponi for farleg avfall ikkje er avklart i overordna plan vert saka lagt fram for politisk handsaming.

Aurland kommune kan som planmyndigheit seie ja eller nei til vidare arbeid med denne etableringa no.

- Dersom svaret vert ja vert det opna for vidare planprosess, det blir meldt om oppstart av planarbeid og eit planprogram vert sendt på høyring, andre offentlege høyringsinstansar kjem til orde og det vil bli lagt ned store ressursar i utgreiingar. Det er framleis høve til å seie nei undervegs.

- Dersom Aurland kommune seier nei til vidare planprosess vert det eit punktum for denne saka no. Det er ikkje klagerett på eit slikt vedtak. Då kan innspelet kome gjennom prosessen med arealdelen til kommuneplanen og bli avklart på eit overordna plannivå.

Aurland kommune bør for sin del gjennom den overordna arealplanlegginga finne ut kva dei nasjonale forventingane om at verdsarvområde skal utviklast som fyrtårn for den beste praksisen innanfor natur- og kulturminneforvaltning gjennom arealplanlegginga skal bety for oss. Det er plan og bygningsloven som definerer plansystemet og som slik sett er eit godt utgangspunkt for denne vurderinga.

Reint fagleg er det framlagte planinitiativet grundig og gjennomarbeid og tek opp dei sentrale problemstillingane og har peikt på viktige utgreiingstema som vil svare på detaljane kring etablering av deponi i Holmen, med unntak av at planen ikkje omfattar utskipingskaia i Gudvangen som vil vere eit viktig ledd i bruken av gruven som deponi.

Med tilvising til vurderingane over rår rådmannen i frå at det vert opna for å utarbeide detaljreguleringsplan for Holmen gruve og deponi no.

Rådmann har ikkje vurdert potensiale for næringsutvikling og ringverknadar for lokalsamfunnet ved at det blir etablert ny aktivitet.

Uprenta vedlegg til saka:

16.04.2020 Plan- og eigedomsutval

Tilleggsforslag:

Nytt framlegg frå Terje Hilstad:

1. Aurland kommune opnar for at det vert starta ein planprosess for Holmen gruve og deponi. Planarbeidet er omfatta av bestemmelsene i forskrift om konsekvensutgreiing. Det kan meldast om oppstart av planarbeid for detaljregulering og planprogram kan sendast på høyring.
2. Endra bruk av utskipingskaia i Gudvangen må avklarast i ein planprosess som vert gjennomført parallelt med planen for Holmen gruve og deponi.

Handsaming i møte:

Terje Hilstad fremja eit nytt framlegg.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen: 0 røyster

Nytt framlegg frå Terje Hilstad: samrøystes

PEU-011/20 Vedtak:

1. Aurland kommune opnar for at det vert starta ein planprosess for Holmen gruve og deponi. Planarbeidet er omfatta av bestemmelsene i forskrift om konsekvensutgreiing. Det kan meldast om oppstart av planarbeid for detaljregulering og planprogram kan sendast på høyring.
 2. Endra bruk av utskipingskaia i Gudvangen må avklarast i ein planprosess som vert gjennomført parallelt med planen for Holmen gruve og deponi.
- Samrøystes

Vedlegg:

Holmen gruve og deponi - justert planinitiativ og planområde under bakken

Illustrasjonsvedlegg Planinitiativ_Holmen gruve og deponi_3.3.20

Planinitiativ_Holmen gruve og deponi_13.3.20

Planområde på grunnen

Planområde under grunnen



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/20	Plan- og eigedomsutval	16.04.2020
025/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
14/887 - 20/2346	K2-L12	Ingunn Bårtvedt Skjerdal 95984646	05.04.2020

Områdeplan for Mjølfjell - Brandset - vedtak av plan

Saka gjeld:

Forsvaret står bak utarbeiding av områdeplan for Mjølfjell- Brandset. Berre ein liten del av området ligg i Aurland kommune og den delen ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Planen var ute til offentlig ettersyn i 2017. Aurland kommune har no mottekek juster planframlegg til handsaming. For Aurland sin del gjeld endringane innarbeiding av aktsomdområde for skred og justering av føresegnene for å sikre samsvar mellom verneforskrift og reguleringsplan.

Planen vert lagt fram for slutthandsaming og vedtak.

Tilråding frå rådmannen:

Aurland kommune vedtek med heimel i plan og bygningslova § 12-12 områdeplan for Mjølfjell - Brandset.

Saksframlegg

Forsvaret ønsker å avklare rammevilkåra for vidare utvikling av drift av Mjølfjell – Brandset skyte og øvingsområde. Områdereguleringsplanen for Mjølfjell-Brandset gjeld forsvaret si verksemd. Arealane er privateigde, men Forsvaret har bruksrett gjennom leigeavtalar.

Området ligg i hovudsak i Voss kommune, medan ein mindre del ligg i Aurland. I arealdelen til kommuneplanen er området vist som område med restriksjon etter anna lovverk. Den delen som ligg i Aurland er ein del av Nærøyfjorden landskapsvernområde og verneforskrifta regulerer Forsvaret sin bruk av området.



Regional plan for Nordfjella villreinområde vart vedtekte av fylkestinget i dei tre berørte fylka i juni 2014. Den delen av skytefeltet som ligg i Aurland kommune inngår i nasjonalt villreinområde. Her er det føresett at anna aktivitet skal tilpassast villreinen sitt behov.

Planprosess:

Det vart gjort vedtak om oppstart av planarbeid i oktober i 2014. I Aurland vart planen lagt ut til offentleg ettersyn og høyring i april 2017. I Voss kommune vart den lagt ut i november same år.

I samband med høyringa kom det to høyringsvar i Aurland kommune, medan planen har vore gjennom motsegnhandsaming i Voss kommune.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane,
24.05.2017
Fylkesmannen mener at bestemmelsene om Nærøyfjorden landskapsvernområde bør være tydeligere, ved å referere (ta inn) relevante deler av vernefor-skrifta.

Bestemmelsens innhold er presisert (se også kommentar til uttalelsen fra verneområdestyret).

Nærøyfjorden verneområdestyre
(06.12.2017) Verneområdestyret ber om

Det foreslås ikke å vise til forskriftas paragraf, men heller gjenta innholdet

at det i bestemmelsene *blir vist til verneforskrifta § 3 pkt 1.2 g, og at forskriftsteksten tas inn i pkt 4.4, i tillegg til teksten som allerede står der.*

Det er gjort nokre endringar i planframlegget i høve planen som var ute til offentleg ettersyn det gjeld følgjande endringar:

Følgjande endringar er innarbeidd:

- Det er lagt inn omsynssone aktsemdsområde for skredfare på plankartet. Føresegna 4.1 er ei presisering frå høyringsutkastet.
- I feltet MS4 er det i tillegg ei eiga omsynssone som dekker mesteparten av det nasjonale villreinområdet. Her er det ikkje tillate med nye tiltak.
- det er gjort redaksjonelle endringar i plankartet og føresegnene knytt til området i Aurland kommune. Dette området har omsynssone bandlagt etter naturmangfaldlova og dei restriksjonar som ligg i verneforskrifta.

Endringane som er gjort er mindre og dei er vurdert å ikkje krevje nytt offentleg ettersyn.

Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

Vurdering

Økonomi

Planen har ikkje økonomiske konsekvensar for Aurland kommune

Folkehelse

Området vil vere tilgjengeleg som friluftsområde. Ved øvelser og skyting vil delar av området kunne vere stengt for fri ferdsle ut i frå omsyn til tryggleik.

Miljø

Vurdering av dei miljørettslege prinsippa naturmangfaldlova § 8-12.

Det går av § 8 første ledd i naturmangfaldslova fram at vedtak som rører naturmangfaldet skal bygge på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand samt effekten av påverknad.

Kunnskapsgrunnlaget bygger i hovudsak på informasjon som er tilgjengeleg i nasjonale databasar og uttaler til varsel om oppstart av planarbeidet. Det er gjennom undersøkingar som er gjort ikkje kome fram informasjon om at særleg sjeldne eller trua artar eller naturtypar vil gå tapt grunna omsøkt verksemd.

Det har ikkje kome fram informasjon som inneber at det bør innarbeidast avbøtande tiltak for å unngå mogleg skade på naturmangfaldet, jf. § 9 i naturmangfaldslova. Det er ikkje avdekket omsyn gjennom planarbeidet som inneber at det bør stillast krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar etter § 12 i naturmangfaldlova.

Konklusjon:

Det er ikkje avdekt at planen reiser vesentlege utfordringar. Rådmannen tilrår at planframlegget vert vedteken slik den ligg føre.

Uprenta vedlegg til saka:

Tidlegare dokument i saka

16.04.2020 Plan- og egedomsutval

Handsaming i møte:

Røysting:

Tilråding frå rådmannen: samrøystes

PEU-014/20 Vedtak:

Aurland kommune vedtek med heimel i plan og bygningslova § 12-12 områdeplan for Mjølfjell - Brandset.

Samrøystes

Vedlegg:

MB_ROS-analyse_rev2018

Mjølfjell-Brandset_endringer_04032019

Planbeskrivelse_Mjølfjell-Brandset_april2019

Reg-best_Mjølfjell.Brandset_april19

Regpl_Mjølfjell_Brandset_v1o_kart1

Regpl_Mjølfjell_Brandset_v1o_kart2



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
016/20	Plan- og eigedomsutval	16.04.2020
026/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
19/190 - 20/817	K2-L12, K3-&17	Anja Marken	02.04.2020

Sluttbehandling detaljreguleringsplan for varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen

Saka gjeld:

Detaljreguleringsplanen for varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen vart lagt ut til offentlig ettersyn og høyring i november 2019 og er no klar for endeleg vedtak.


Føremålet med planen er ein heilskapleg utvikling av området knytt til eksisterande bygg «Varehuset Brødrene Wangen», som vil inkludere riving av delar av bygget, oppbygging av Kolbui og Tvillingbuene, og etablering av hotellkonsept på eksisterande 9/3 mf, i tillegg til leilegheiter for utleige og sal.

Planforslaget opnar for etablering av hotell med om lag 27 rom, oppbygging av Tvillingbuene med inntil 10 utleieeiningar, oppbygging av Kolbui med inntil 5 einingar for utleige og fast busetnad. I tillegg til hotell eller bustad fordelt på to bygningar med volum og skala lik eksisterande bygg.

Tilråding frå rådmannen:

1. Detaljreguleringsplan for varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen med tilhøyrande reguleringsføresegn vert vedteken.
2. Delar av reguleringsplanane Aurlandsvangen 1421-2003001, Vangsgaarden 1421-2016001 og reguleringsendring – del av Aurlandsvangen 1421-2012002 som ny detaljregulering for varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen, inkludert alle seinare planendringar, delplanar og tilhøyrande føresegner, får konsekvensar for, blir oppheva.

Saksframlegg



Figur 1: Planområdet

Planområdet ligg mellom Vangsgaarden, Vangen kyrkje, Spar og Aurlandsskoen. Planframlegget omfattar det eksisterande bygget til Brødrene Wangen, kaiområdet, dei tidlegare sjøbuene, torget og gatetunet rundt Brødrene Wangen, Skjerdalsbui og Larsenhuset, det eksisterande bustadhuset attmed desse og parken i sentrum av Vangen.

Illustrasjonane under viser forslag til mogleg utnytting av området.



Figur 2: Hotellet (BAA1) sett frå kyrkjetrappa.



Figur 3: Tvillingbuene (BAA2) til venstre og Kolbui (BAA3) til høgre.

I første omgang er det lagt opp til bygging av Tvillingbuene og Kolbui då parkering for desse kan løysast innanfor planområdet. Hotellet kan ikkje byggast før avtale om godkjent parkering utanfor planområdet er på plass. Det er lagt ei omsynssone for kulturmiljø på Skjerdalsbui og Larsenhuset, det vil seie at bygga skal bevarast slik dei er i dag.

Området regulert til BKB består av eit eksisterande bustadhus i dag. Planen opnar for fleire moglegheiter innanfor dette området, området kan utviklast til hotell eller

bustad fordelt på inntil to bygningar med volum og skala lik eksisterande bygning.

Torget, gatetunet og parken skal opparbeidast og vere offentleg tilgjengeleg.

Mottekne innspel ved offentleg ettersyn og høyring

Det kom inn 13 fråsegn og 1 motsegn etter at planforslaget låg ute til offentleg ettersyn og høyring. Fylkesmannen, fylkeskommunen og Riksantikvaren fekk utsett svarfrist til 20.januar 2020. Innspela er oppsummert og kommentert under.

Fråsegn frå Den norske kyrkja 16.01.20:

- Biskopen må godkjenne bygging nærare kyrkja enn 60 meter. Bjørgvin bispedøme melder motsegn til planen om dette ikkje kjem inn i føresegnene. Foreslår tilsvarande formulering: «All bygging nærare kyrkja enn 60 meter er forbode utan løyve frå biskopen.»

Kommentar frå forslagsstillaren:

Setninga er lagt inn i føresegna.

Kommentar frå rådmannen:

Motsegna er trekt.

Fråsegn frå Statens Vegvesen 06.12.19:

- Krysset mellom fv.5627 og Nedstagata: Det er ikkje teikna inn nokon konkret og avgrensa tilkomst i plankartet. Tilkomsten må synast eller det må settast inn ei avkøyrsløp for å ikkje regulere vekk krysset. I tillegg bør siktlinjene for krysset sikrast i plankartet.
- Vise løysingar for busstrafikk i plankart, føresegn eller planskildring.
- Vurdere temaet trafikktryggleik som relevant i ROS-analysen.
- Regulere parkeringsplassar innanfor plangrensa for å unngå unødige kryssing av trafikkerte vegar.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Avkjøyrsløp er lagt inn. Siktliner er jfr krav. Busstrafikk er vurdert i ROS-analyse og lagt inn i planomtale. Trafikktryggleik er lagt inn som eige tema i ROS-analyse. Det er auka tal parkeringsplassar innanfor planområdet, knytt til utvikling av BAA 2-3. Parkering for BAA 1 er presisert i rekkjefølgjeføresegna.

Kommentar frå rådmannen:

Ok, ingen kommentar.

Fråsegn frå Kystverket 11.12.19:

- Tiltaka i planen kjem ikkje i konflikt med areal avsett til farleia eller navigasjonsinstallasjonar i området.
- Ta med i føresegnene at bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet må handsamast etter hamne- og farvasslova, der Aurland Hamnevesen er hamnemynde.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Dette er teke med i rekkjefølgjeføresegna.

Kommentar frå rådmannen:

Ok, ingen kommentar.

Fråsegn frå NVE 02.01.20:

- Endre føresegn til omsynssone Flaumfare H320 slik at det kjem klart fram kva gjentaksintervall flaumsona representerer. Føresegna må òg setje krav til at tiltak berre kan gjennomførast i samsvar med tryggleikskrava i TEK 17 § 7-2.
- Føresegna må sette krav til at ansvarsområde geoteknikk (RIG) er oppfylt for alle byggesaker i planområdet.
- Avklare om planen opnar for ytterlegare utfylling i strandsona (VFE) og kva krav som gjeld for desse tiltaka.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Alle tre punkt vert teke med i føresegna.

Kommentar frå rådmannen:

Ok, ingen kommentar.

Fråsegn frå Vestland fylkeskommune 20.01.20:

Fylkeskommunen har delegert ansvaret som kulturminnestyremakt i plansaker etter plan- og bygningslova, og gjer ei samla fråsegn frå heile kulturminneforvaltninga.

Fylkeskommunen tilrår følgjande endringane for Tvillingbuene (BAA2):

- Tillegg i kulepunkt 4: Takutstikk skal ikkje vere større enn det som er typisk for tradisjonelle sjøbuer.
- Tillegg i kulepunkt 6: Det er ikkje tillate å byggje balkong mot fjorden.

- Nytt kulepunkt: Rammesøknad med endeleg utforming av ny bygningsmasse skal sendast til kulturminnestyresmaktene for vurdering av om omsyna til kulturminneverdiane på staden er tilstrekkeleg ivaretekne.

- I tillegg påpeikar fylkeskommunen at skraveringa for omsynssone H570 ikkje går heilt ut mot byggegrensa. Fylkeskommunen tilrår at den vesle trekanten i front av

gamlebutikken vert teken ut av planen og vert ein del av o_SGT2, eller at skravuren for omsynssona vert trekt heilt ut mot byggegrensa. I tillegg må det vere ein open huk inn mellom bygga slik at begge hjørna på den gamle bygningen og takkonstruksjonen vert lett synleg.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Dei nye punkta, saman med punkta frå riksantikvaren, er vurdert saman og teke med, forutan forbod mot balkongar mot fjorden og siste setning i siste avsnitt. Trekanten i forkant av eldre bygnad er sikra gjennom endring av føremål til SGT 2.

Kommentar frå rådmannen:

Vurdering av balkong kan takast stilling til i rammesøknaden før den vert sendt på høyring til fylkeskommunen.

Etter Riksantikvaren sitt syn tek detaljreguleringa slik den ligg føre no langt på veg dei naudsynte omsyna til den automatisk freda mellomalderkyrkja og til fjorden som verdsarv, men tilrår følgjande tillegg:

- BAA1 kulepunkt 4: Tilkomsten til takterrassen kan sikrast med takopplett med minst mogleg grunnplan for å oppnå tilkomst.
- BAA1 nytt punkt: Takterrassen skal ha transparent rekkverk og møblering som ikkje hindrar sikta mellom kyrkja og fjorden.
- BAA2 og BAA3: Takutstikk skal ikkje vere større enn det som er typisk for tradisjonelle sjøbuer.
- BAA2 og BAA3: Eventuelle balkongar skal tilpassast uttrykket til tradisjonelle sjøbuer.
- BAA1, BAA2 og BAA3: Rammesøknad med endeleg utforming av ny bygningsmasse skal sendast til kulturminnestyresmaktene for vurdering av om omsyna til kulturminneverdiane på staden er tilstrekkeleg ivaretekne.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Dei nye punkta, saman med punkta frå Vestland fylkeskommune, er vurdert saman og teke med i sin heilskap.

Kommentar frå rådmannen:

Ok, ingen kommentar.

Bergen Sjøfartsmuseum trekk kravet om marinarkeologiske registreringar sidan området i sjø er så avgrensa at potensialet for å avdekke verna eller automatisk freda kulturminner er lite. Tiltakshavar pliktar likevel å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Ingen kommentar.

Kommentar frå rådmannen:

Er innarbeida i rekkefølgeføresegna.

Fråsegn frå Fylkesmannen i Vestland 20.01.20:

- Fylkesmannen saknar ei meir konkret og samla vurdering av forholda for barn og unge i planområdet, og tilrår at planomtalen vert supplert med vurderingar av dette, og at planframlegget vert oppdatert/justert i samsvar med konklusjonen.
- Ta inn i føresegna at torg (ST) og park (GP) skal ha universell utforming.
- Vurdere å opne for fleire parkeringsplassar for rørslehemma.
- Stryke bokstav e i punkt 8.3 om krav til miljøtekniske undersøkingar før utfylling av VFE sidan det ikkje går direkte fram av føresegna av VFE kan fyllast ut.
- Stille krav til maksimal storleik på anlegget/tal båtplassar og at planen etter nærare vurderingar stiller krav til kor flytebyggja skal plasserast innan VFE.
- Viser til NVE sine merknadar knytt til flodbølgje og stormflo.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Det er lagt inn parkering for rørslehemma nede på kaia knytt til SGT 2. Det er lagt inn

i føresegna for VFE, forbod mot utfylling. Pkt. 9-.3, bokstav e er fjerna.

Kommentar frå rådmannen:

Det er lagt inn i føresegna at torget (ST) og parken (GP) skal ha universell utforming.

Fråsegn frå Aurland Hamnevesen 08.01.20:

- Er positiv til at det vert planlagt utvikling.
- Presiserer at Aurland Hamnevesen er hamnemynde og at det må søkjast etter hame- og farvasslova ved bygging i sjø og/eller utlegging av flytebrygge.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Ingen kommentar.

Kommentar frå rådmannen:

Er lagt inn i føresegnene.

Fråsegn frå Vangsgaarden 27.12.19:

- Positiv til utvikling av Aurland sentrum.
- Redusere sjøbua som ligg nærast Vangsgaarden med ein etasje slik at den er tilpassa dei gamle sjøbuene.
- Løyse parkeringsbehovet innanfor plangrensa.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Parkeringsløysinga er no tydelegare definert i føresegna. Auka parkering innanfor planområde og meir presis formulering for nye parkeringsplassar. Sjøbodene er regulert for å stette krav i plan- og bygningslova og krav til bygging frå kote + 2,5. Samstundes har fylkeskommunen sett krav om at dei nye sjøbuene skal ha same proporsjon og uttrykk som dei som stod der frå før.

Kommentar frå rådmannen:

Ok, ingen kommentar.

Fråsegn frå Vangen Soknealmenning 05.01.20:

- Ser positivt på tiltaket.
- Foreslår følgjande tiltak for å auke talet på parkeringsplassar:
 - Parkeringsløysing i kjellaren til BAA1, som òg kan omfatte deler av ST og SGT1.
 - Flytte fontena til parkområde SGT1 og opne gata for parkering.
 - Etablere nye parkeringsområde utanfor planområde, som kjem i tillegg til eksisterande p-plassar i sentrum i dag.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Det er lagt opp til auka parkering innanfor planområdet. Det er lagt opp til at parkering knytt til hotell skal gjerast gjennom avtale om nye parkeringsplassar, utanfor området. Tiltakshavar held seg til informasjon frå Aurland kommune vedkommande området rundt ABM. Å byggje parkeringskjellar innanfor planområdet let seg ikkje gjere på grunn av at området er for lite. Vegvesenet ynskjer heller ikkje auka trykk på trafikk inn i området.

Nemnda som jobbar med utvikling av parkering i Aurland kommune ynskjer på sikt at nedre del av Aurlandsvengen skal vere parkeringsfri.

Det er lagt inn i føresegna at parkering knytt til BAA1 skal løysast gjennom plassar som kjem i tillegg til dagens plassar.

Kommentar frå rådmannen:

Ok, ingen kommentar.

Fråsegn frå Aurland kyrkjestyre 06.01.20:

- Løyse parkeringsbehovet utan at det går på utover av dagens tilgjengelege

parkeringsplassar.

- Støttar uttalen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune datert 14.03.19 om forholdet til Vangen kyrkje.

- Ber om at historisk kyrkjeveg frå der likhella låg ved fjorden til kyrkja skal vere open for ålmenta.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Ingen kommentar.

Kommentar frå rådmannen:

Det er presisert i føresegnene at godkjent avtale om nye parkeringsplassar utanfor planområdet skal vere på plass før bygging av hotellet. Torget, kaiområdet og gatetunet skal vere offentleg tilgjengeleg.

Fråsegn frå Aurland Sogelag 07.01.20:

- Ta vare på Alfarvegen mellom fjorden og torget. Merke kulturminnet likhelle med informasjon.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Tiltakshavar vil vere med på å leggja til rette for plassering av informasjonsskilt og markering, om dette fell innanfor tiltakshavars eigedom.

Kommentar frå rådmannen:

Ok, ingen kommentar.

Fråsegn frå Torstein og Renate Halstensen 07.01.20:

- BAA1 bør tilpassast eksisterande bygningsmiljø. Bør ikkje gje løyve til flatt tak med takterasse.

- Sjøbuene bør ha kote 10,5 då dei vert sjåande massive og høge ut samanlikna med dei omkringliggende bygningane.

- Kolbui vil ta all utsyn og siktkorridor frå torget ned til fjorden.

- Ønskjer at eksisterande bustad i BKB vert teken vare på som ein del av det attverande kulturmiljøet/trehusbygningane på Vangen.

- Regulere gbnr. 9/4 (Larsenhuset) som BKB i staden for gatetun.

- Viser til avtale med kommunen om drift og vedlikehald av Larsenhuset med tilhøyrande utebod.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Riksantikvaren krev at nytt bygg ikkje skal vere høgre enn eksisterande møne. For å utnytta tomte og mogleg utbygging er flatt tak ei av dei mest effektive tiltaka, og eit tiltak Riksantikvaren har godkjent. Det finst bygg med flatt tak på Vangen i dag, og tiltakshavar meiner at tiltaket som ligg føre i plandokumenta spel på lag med dei omkringliggende bygningane som finst på Vangen i dag. Sjøbuene er regulert for å stette krav i plan- og bygningslova og krav til bygging frå kote + 2,5. Samstundes har fylkeskommunen sett krav om at dei nye sjøbuene skal ha same proporsjon og uttrykk som dei som stod der frå før. Kolbui vil ikkje ta utsyn frå kyrkja, mot fjorden. Området rundt 9/4 er regulert i tråd med vedteken reguleringsplan frå 2012.

Kommentar frå rådmannen:

Avtalen med kommunen vert ikkje regulert gjennom ein reguleringsplan.

Fråsegn frå Aurland Kjøle og Fruktlager SA 08.01.20:

- Ber om at parkeringsbehov for tiltak i planen vert løyst innanfor planområde. Peiker på at det er ein utfordring med parkering i sentrum i dag og at det føregår ein prosess med utvikling av område på Odden. AFK er redd området her vil få eit auka press på parkering, noko som vil gjere det vanskelegare å utvikle området.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Det er lagt opp til auka parkering innanfor planområdet. Det er lagt opp til at parkering knytt til hotellet skal gjerast gjennom avtale om nye parkeringsplassar, utanfor området.

Kommentar frå rådmannen:

Ok, ingen kommentar.

Fråsegn frå Aurland Bil og Maskin AS 07.01.20:

- Flott med tiltak og at det skjer ein utvikling av sentrum.
- Foreslår parkering i underetasjen av BAA1. ABM leiger bygg og areal på Onstad til næringsføremål, og meiner at bandlegging av dette arealet til parkering vil vere til hinder for vidare utvikling av verksemder på denne sida av elva.

Kommentar frå forslagsstillaren:

Det er lagt opp til auka parkering innanfor planområdet. Det er lagt opp til at parkering knytt til hotell skal gjerast gjennom avtale om nye parkeringsplassar, utanfor området. Tiltakshavar held seg til informasjon frå Aurland kommune vedkommande området rundt ABM. Å byggje parkeringskjellar innanfor planområdet let seg ikkje gjere på grunn av at området er for lite. Vegvesenet ønskjer heller ikkje auka trykk på trafikk inn i området.

Nemnda som jobbar med utvikling av parkering i Aurland kommune ønskjer på sikt at nedre del av Aurlandsvangen skal vere parkeringsfri.

Kommentar frå rådmannen:

Ok, ingen kommentar.

Etter at planen låg ute til offentleg ettersyn og høyring er følgjande endringar gjort i planforslaget:

- Føresegnene er endra etter innspel motteken i høyringsfasen, som skissert over.
- Føresegnene er endra slik at det er mogleg å starte arbeidet med sjøbuene før avtale om parkering utanfor planområdet er løyst
- Rekkefølgjeføresegna er endra til at godkjent avtale om parkering må vere på plass før rammeløyve for BAA1 vert gjeve og at nytt kryss må vere på plass før igangsetjingsløyve for BAA 1-3 vert gjeve.
- Parkeringsnormen for BAA3 er oppdatert.
- ROS-analysen er oppdatert med ei vurdering av trafikktryggleik og løysing for busstrafikk
- Mindre justeringar på arealplankartet.

Vurdering

Forslagsstillar ønskjer å byggje opp eit nytt og attraktivt tilbod for lokale og

besøkande, og argumenterer med at det er behov for fleire overnattingsplassar og ei

opprusting av uteareala og torgområdet. Planen vil innehalde hotell, bevertning,

næring og utleige, noko som vil bidra til heilårsarbeidsplassar.

Planane vil føre til meir trafikk på Aurlandsvangen, både fleire gåande og køyrande.

Det er manglande sikt i krysset mellom fv. 5627 og Nedstagata, krysset skal derfor flyttast og må vere ferdig opparbeidd før igangsetjingsløyve for BAA1-3 vert gjeve.

Den største utfordringa i planframlegget er parkeringsløysing. Planframlegget legg opp til eit behov for 40 parkeringsplassar, der 21 av parkeringsplassane må løysast utanfor planområdet. I tillegg er det heller ikkje vist til løysingar for bussparkering innanfor planområdet, det er i staden lagt opp til at oppstilling for turistbussar skal skje utanfor planområdet. Dette vert løyst i rekkefølgjeføresegna ved at det ikkje vert

gjewe rammeløyve for hotellet (BAA1) før godkjent avtale om nye parkeringsplassar og løysingar for bussparkering utanfor planområdet er på plass. Det er fleire pågåande prosessar på Aurlandsvengen som vil krevje ekstra parkering. Parkeringsløysinga bør derfor sjåast i samanheng med desse prosessane i eit overordna planarbeid. Det pågåande arbeidet i parkeringsnemda vil leggje grunnlag for eit slikt overordna arbeid i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Det vert opna for at sjøbuene (BAA2-3) kan byggast før hotellet, men at parkering for desse vert løyst innanfor planområdet. Dette gjer det mogleg å starte deler av utbygginga og parallelt arbeide vidare med parkeringsløysing for den resterande delen av prosjektet. Det er tenkt at mesteparten av parkeringa for sjøbuene skal vere nedanfor hotellet (BAA1) innanfor o_SGT2. Utfordringa med denne løysinga er at det vil verte meir trafikk på den bratte vegen ned til kaia rundt hotellet (BAA1). Vedlagt illustrasjonsplan viser ei mogleg løysing for parkering for sjøbuene. I skissa er det teikna inn snuhammar for brannbil og parkeringsplassar for 10 bilar, der kravet til utforming av parkeringsplassar i handbok N100 er ivareteke. Denne skissa viser at det er plass til to parkeringsplassar meir enn det som er teikna inn på illustrasjonen i planomtalen. Fleire parkeringsplassar enn dette går utover sikkerheit, krav og tilgjengelegheit. Planen legg opp til at det er behov for 12-16 parkeringsplassar for sjøbuene, avhengig av kor mange heilårsleilegheiter det vert i Kolbui. 2-6 av parkeringsplassane må derfor løysast innanfor planområdet, men på ein annan plass enn på kaia nedanfor hotellet.

Innanfor planområdet er det SEFRAK registrerte bygg. I tillegg grensar planen mot

Vangsgaarden og Aabelheim, som er regulert til omsynssone kulturmiljø, Vangen

kyrkje som er automatisk freda og verdsarvområdet. Det kan derfor ikkje leggjast opp

til at hotellet (BAA1) skal vere eit dominerande bygg som tek merksemda vekk frå kyrkja eller går ut over siktlinjene til kyrkja. Dette er løyst ved å ta utgangspunkt i eksisterande mønehøgde på nyare del og ved å ha transparent rekkverk og møblering på takterrassen. Det er heller ikkje tilrådd å gjere endringar på bygga som er SEFRAK-registrert, og fasaden på sjøbuene skal ha likskap med opphavelge sjøbuer.

Med bakgrunn i endringane som er gjort etter at planen låg ute til offentleg ettersyn og høyring, tilrår rådmannen at detaljreguleringsplan for Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvengen vert vedteken.

Uprenta vedlegg til saka:

16.04.2020 Plan- og eigedomsutval

Handsaming i møte:

Habilitet:

Gøran Johansen stilte spørsmål ved sin habilitet då han har utarbeida plandokumentet. Johansen blei vurdert som inhabil etter fvl. § 6 (2). Varamedlem Marianne Holme tok sete.

Røysting:

Tilråding frå rådmannen: samrøystes

PEU-016/20 Vedtak:

1. Detaljreguleringsplan for varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen med tilhøyrande reguleringsføresegn vert vedteken.
2. Delar av reguleringsplanane Aurlandsvangen 1421-2003001, Vangsgaarden 1421-2016001 og reguleringsendring – del av Aurlandsvangen 1421-2012002 som ny detaljregulering for varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen, inkludert alle seinare planendingar, delplanar og tilhøyrande føresegner, får konsekvensar for, blir oppheva.

Samrøystes

Vedlegg:

Planomtale
Arealplankart
ROS-analyse
Illustrasjonsplan parkering for BAA2 og BAA3
Fråsegn med motsegn frå Bjørgvin bispedømeråd til detaljregulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Detaljregulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen - trekking av motsegn
Merknad frå Statens vegvesen til detaljregulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Uttale frå Kystverket til regulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Uttale frå NVE til detaljregulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Svar frå Vestland fylkeskommune til detaljregulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Fråsegn frå Fylkesmannen i Vestland til detaljreguleringsplan for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Uttale frå Aurland Hamnevesen KF til detaljregulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Høyringsfråsegn frå Vangsgaarden AS til reguleringsendring for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Merknad frå Vangen Soknealmemming til detaljregulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Fråsegn frå Aurland kyrkjestyre til detaljregulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Bilde 1 av 3
Merknad / innspel frå Aurland Sogelag til detaljregulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Merknad frå Torstein og Renate Halstensen til detaljregulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Bilde 2 av 3
Bilde 3 av 3
Merknad frå Aurland Kjøle og Fruktlage AS til detaljregulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen
Merknad frå Aurland Bil og Maskin AS til detaljregulering for Varehuset Brødrene Wangen og delar av Aurlandsvangen



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
008/20	Levekårsutval	16.04.2020
027/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/169 - 20/2546	K2-A22, K3-&00, K3-&13	Beathe Ekhall Stentvedt 91111406	06.04.2020

Endring av vedtekter for SFO i Aurland gjeldande frå 01.08.2020

Saka gjeld:

Endring av vedtektene for SFO i Aurland gjeldande frå 01.08.2020.

Bakgrunn for at saka kjem opp er økonomi og harmonisering med vedtektene i barnehagane i høve punktet med stenging jul og påske.

Dei største endringane ligg i § 4 Opningstid og ferieavvikling og §5 Opptak, søkndsprosedyre og oppseiing.

§ 4 noverande vedtekter er delt opp i §4a og b. Det er framlegg på å endre opningstida til kl. 7.30 – 16.00. No er dette at det skal vere fastsett innfaor kl. 7.00 – 16.30.

Det er også framlegg om at SFO kan halde ope enkeltdagar i ferie om det er 5 born eller fleir. No er det krav om at det skal vere 5 born eller fleir i heile veker.

SFO skal fortsatt vere stengt 4 veker om sommaren, men det er ikkje spesifisert når. Heilt nytt punkt er at SFO held stengt julafta, i romjula, nyttårsafta og i skulen sin påskeferie.

§§ 5 og 7 er slått saman til § 5. Endringar her er at det er tilpassa skulen og SFO sitt administrative system.

Det er små endringar i form av presiseringar og justeringar i §§ 6 og 7.

I § 10 er det endra frå **bør** det tilsetjast dagleg leiar med pedagogisk utdanning til **skal** det tilsetjast.....

§§ 1, 2, 3, 8, og 9 er uforandra. (§§ 8 og 9 er i noverandre reglement §§9 og 10).

Tilråding frå rådmannen:

Rådmannen rår til at framlegget til endring av SFO-vedtekter vert vedteke.

Vurdering

Framlegg til endring av vedtektene er utarbeida av dagleg leiar ved SFO i Flåm og ABU, tenesteleiarar ved Flåm og ABU og skulefagleg ansvarleg.

Vedtektene har vore ute på høyring hjå FAU ved ABU og Flåm skule, Fagforbundet, Utdanningsforbundet, plasstillitsvalde ved ABU og Flåm skule, føresette til barn som begynner i skulen hausten 2020 og den er annonsert på heimesida til kommunen.

Frist for innsending av uttale var 11. mars 2020. Det var til saman 3 veker frist.

Det er kommet inn to uttaler på høyringa, ein i frå FAU v/ ABU og ein i frå Utdanningsforbundet.

Dei største endringane i framlegget går på opningstider, fast stengde dagar i jul- og påskeferie og krav i forhold til å halde ope i andre ferier.

I noverande vedtekter står det: Dagleg opningstid vert fastsett innanfor tidsrommet kl. 07.00 til 16.30. Opningstida vert elles tilpassa lokale behov.

SFO i Flåm har dei hatt opningstiden 07.00 – 16.30 og SFO på ABU har hatt kl. 7.30 – 16.00 dei siste åra. ABU har aldri teke i bruk dei utvida opningstidene.

Utdanningsforbundet skriv det vil vera fornuftig å samkøyra opningstidene ved SFO Flåm skule og SFO ABU.

Foreldrearbeidsutvalet (FAU) ved Aurland Barne- og Ungdomsskule (ABU) meiner at SFO bør ha same åpningstider som barnehagane i kommunen. (7.00 – 16.30).

Dei grunnjev dette med at fleire har barn både i barnehage- og småskulen og at ulike opningstider ved dei to gjer levering og henting vanskeleg å gjennomføra på ein god måte for foreldre og barn.

Det også har kome fram at det er ulik praksis i gjeldande opningstider i SFO innad i kommunen. I Flåm er det per i dag mogleg å levera borna kl 07:00, mens i Aurland er det 07:30 som gjeld. Denne praksisen bør også vera lik meiner FAU.

Vidare skriv dei at det står i gjeldande vedtekter at behov for utvida opningstid skal grunnjevast i søknad om SFO-plass. Dette bør vidareførast, dersom same åpningstid gjeld for barnehagane. Det bør ikkje vera eit krav til eit bestemt antal born for at utvida opningstid skal kunna gjennomførast.

På Flåm skule vert det brukt ei 20% stilling på utvida opningstid. Dette sjølv om dei går med lågast mogeleg bemanning frå 07.00-08.00 og er avhengig av at reinhaldaren er der og kan "rykke inn" som støtte om noko skjer. Ved å gå tilbake til opningstid kl. 07.30-16.00 vil Flåm skule spare minimum kr. 120 000,- pr. skuleår.

Viss vi ser på bruken av den utvida opningstida ved SFO i Flåm dei tre siste åra ser vi at det er fleire som har brukt dette på ettermiddag enn på morgonen. Det er ikkje mogleg å sei om det er grunna arbeidstid til føresette. Bruken av utvida opningstid har også gått ned siste skuleåret. Her er det dog bare oversyn fram til stenging 12. mars.

I forhold til barneperspektivet kan bli lange dagar om ein er der frå kl. 07.00 – 16.30.

Oversyn bruk SFO tidleg morgon /ettermiddag på Flåm skule dei tre siste skuleåra viser dette:

Skuleåret 2019/2020 (fram til stenging)

	Morgon	Ettermiddag
Ingen barn	69	20
1-2 barn	53	70
3-4 barn	2	30
5 eller fleir barn	0	4

Skuleåret 2018/2019

	Morgon	Ettermiddag
Ingen barn	72	9
1-2 barn	105	26
3-4 barn	4	100
5 eller fleir barn	0	66

Skuleåret 2017/2018

	Morgon	Ettermiddag
Ingen barn	57	18
1-2 barn	116	45
3-4 barn	13	76
5 eller fleir barn	0	47

Når det gjeld punktet å stenge SFO på julafta, i romjula, nyttårsafta og i skulen sin påskeferie er det ikkje kommet noken innvendingar mot dette i uttalane.

Oversyn over bruk av SFO på ABU og Flåm dei tre siste åra i jule- og påskeferie

viser at det har ikkje vore noken dagar med over 5 påmelde barn i jule- og påskeferie dei siste tre åra.

Skuleåret 2019/2020

Juleferie Ingen dagar med over 5 påmelde. Stengd

Skuleåret 2018/2019

Juleferie Ingen dagar med over 5 påmelde. Stengd

Påskeferie Ingen dagar med over 5 påmelde. Stengd

Skuleåret 2017/2018

Juleferie Ingen dagar med over 5 påmelde. Stengd

Påskeferie Ingen dagar med over 5 påmelde. Stengd

Når det gjeld § 10 skriv Utdanningsforbundet at dei ynskjer velkomen endringa
skal det tilsetjast dagleg leiar med pedagogisk utdanning.

Samarbeidsutvalet ved Flåm skule handsama høyringa i sak 5-19/20 den 9. mars.
Dei tok dette til vitande og ynskte ikkje å sende inn uttale til høyringa.
Samarbeidsutvalet ved ABU har ikkje hatt saka oppe da dette møtet vart avlyst
grunna stenging i samband med begrensing av Korona-smitte.

Uprenta vedlegg til saka:

16.04.2020 Levekårsutval

Tilleggsforslag:

Endringsframlegg frå Kjell Bøe Bjørgum:

§4a Opningstida vert 07.30 til 16.30. Resten av §4a står slik adm har lagt fram.

Endringa av følgande setning i §7: For juni og august skal det betalast for tal dagar SFO har ope.

Denne vert endra til: For juni, august og desember skal det betalast for tal dagar SFO har ope.

Endringsframlegg frå Monica Finden:

paragraf 4a

Dagleg opningstid vert fastsett med 8 timar innanfor tidsrommet 07.00-16.30. Opningstida vert elles tilpassa lokale behov.

Handsaming i møte:

Beathe Ekhall Stentvedt svara på spørsmål om vedtektene i møtet.

Kjell Bøe Bjørgum fremja eit endringsframlegg.

Monica Finden fremja eit endringsframlegg.

Røysting:

Det vart røysta punktvis over endringsframlegga og tilrådinga frå rådmannen:

Endringsframlegg frå Monica Finden: 1 røyst for (H)

Endringsframlegg frå Kjell Bøe Bjørgum til § 4a: 1 røyst for (AP)

Tilrådinga frå rådmannen § 4a: 3 røyster SP

Endringsframlegg frå Kjell Bøe Bjørgum til § 7: samrøystes

Til sist blei det røysta over tilrådinga med endringar.

Tilrådinga frå rådmannen med endringar: 4 røyster for (AP, SP), 1 røyst mot (H)

LKU-008/20 Vedtak:

Framlegget til endring av SFO-vedtekter vert vedteke med følgjande endring:

-Endringa av følgjande setning i §7: For juni og august skal det betalast for tal dagar SFO har ope.

Denne vert endra til: For juni, august og desember skal det betalast for tal dagar SFO har ope.

Vedlegg:

Framlegg til vedtekter for SFO gjeldande frå 1. august 2020

Høyringsuttale frå Foreldrearbeidsutvalet (FAU) ved Aurland barne- og ungdomsskule - SFO-vedtekter

Høyringsuttale frå Utdanningsforbundet til SFO-vedtekter



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/20	Formannskapet	02.04.2020
028/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
20/178 - 20/1580	K1-213, K1-251, K2-F00	Reidar Johnsen 57 63 29 40	09.03.2020

Lån til vidare utlån gjennom Husbanken - startlån

Saka gjeld:

Opptak av lån på kr 3.500.000 til vidare utlån.

Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vedtek å ta opp lån frå Husbanken på kr 3.500.000 til vidare utlån.

Saksframlegg

Kommunen administrerer Husbanken sine ordningar i høve til startlån og tilskot. Søknad frå NAV til Husbanken må godkjennast av kommunestyret. Startlån kan mellom anna nyttast til nyetablering på bustadmarknaden, utbetring og refinansiering av eksisterande lån. Det ordinære bankvesenet er restriktive med toppfinansiering av bustader. Her vil startlån kunne fungere som toppfinansiering i kombinasjon med private bankar. Pr 6. mars står det igjen om lag kr 1,8 millionar til utlån.

Vurdering

Aurland kommune ved NAV Aurland ønskjer å søke om lån for vidare utlån på bakgrunn av at kr 1,8 millionar ikkje er tilstrekkeleg for vidare utlån i 2020. Startlån bidreg til at vanskelegstilte får kome inn på bustadmarknaden og kan førebyggje økonomiske problem og kan bidra til at personar med stor gjeld kan få ein ny sjanse. Aurland kommune legg vekt på at det er dei mest vanskelegstilte som har moglegheit til å få startlån gjennom Husbanken sine tenester.

02.04.2020 Formannskapet

Handsaming i møte:

Røysting:

Tilråding frå rådmannen: samrøystes

FS-024/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtek å ta opp lån frå Husbanken på kr 3.500.000 til vidare utlån.

Samrøystes

Vedlegg:

Behovsmelding 2020 og tilsegn om startlån til vidareutlån

Betalingslan

Låneavtale



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/20	Kommunestyret	23.04.2020
025/20	Formannskapet	02.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
19/448 - 20/2005	K1-014, K3-&15	Kristian Stråmyr 95984647	24.03.2020

Val av ekstra medlem til representantskapet i SIMAS IKS 2019-2023

Saka gjeld:

Som følgje av den nye selskapsavtalen skal Aurland kommune velje ein ekstra medlem og varamedlem til representantskapet i SIMAS IKS.

Tilråding frå rådmannen:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Saksframlegg

Som følgje av den nye selskapsavtalen til SIMAS IKS (Sogn Interkommunale Miljø- og Avfallsselskap IKS) skal Aurland kommune velje ein ekstra representant med vararepresentant for valperioden til representantskapen i SIMAS IKS.

Vurdering

Kommunestyret valde 7. november 2020 i sak 103/19 ordførar Trygve Skjerdal som medlem med varaordførar David Underdal som vara.

Uprenta vedlegg til saka:

- [Selskapsavtalen for SIMAS IKS](#)
- [Lov om interkommunale selskaper](#)
- [Eigarskapsmelding - Aurland kommune](#)

02.04.2020 Formannskapet
Handsaming i møte:

Ordfører Trygve Skjerdal fremja eit utsettingsframlegg: Saka vert lagt fram for kommunestyret utan innstilling.

Røysting

Utsettingsframlegget frå ordfører Trygve Skjerdal: samrøystes

FS-025/20 Vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan innstilling.



AURLAND KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/20	Kommunestyret	23.04.2020

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
19/760 - 20/2562	GBNR-8/5, GBNR-26/2, GBNR-26/4, K2-V60, K3- &18	Magnhild Aspevik 47 48 65 50	06.04.2020

Siver Wangen - konsesjon ved overtaking av fast eigedom - gnr 8 bnr 5, gnr 26 bnr 2 og 4 i Aurland kommune - KLAGE

Saka gjeld:

Det ligg føre klage på Aurland kommune sitt vedtak i kommunestyre 12.12.2019 sak KS146/19.

Rådmannen tilrår at klagen ikkje vert teken til fylgje.

Tilråding frå rådmannen:

Klage på vedtak av 12.12.2019 i Aurland kommune sitt kommunestyre – sak KS 146/19 frå Sjur Gjerløw, vert ikkje teken til fylgje.

Det ligg ikkje føre nye opplysningar som gjev grunnlag til å endre vedtaket.

I tråd med Forvaltningslova §28, vert klaga sendt vidare til fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Saksframlegg

Siver Wangen har fått konsesjon for overtaking av gnr 8 bnr 5 og gnr 26 bnr 2 og 4, Vinjane, i Aurland kommune. Konsesjon vart gjeve i sak KS-146/19 12.12.2019, sjå vedlegg.

KS-146/19 Vedtak:

Aurland kommune gjev i medhald av Konsesjonslova §§ 1og 9 Siver Wangen konsesjon på overtaking av gnr 8 bnr 5 og gnr 26 bnr 2 og 4, Vinjane i Aurland

kommune.

I skriv av 30.12.2019, klagar Sjur Gjerløw på vedtaket. Gjerløw meiner konsesjon ikkje bør gjevast. Han meiner vedtaket er i strid med *Konsesjonslova* §1 fyrste ledd pkt. 2 og 4, og *Konsesjonslova* §9 fyrste ledd pkt 2 og 4 og §9 tredje ledd.

Gjerløw meiner og at nemnda Plan og utvikling ikkje har gjort eit tilstrekkeleg vurdering av faktum i saka og at nemnda ikkje har forstått kva samfunnsoppgåve og avgjerdsmynde dei er tillagt. Han meiner i tillegg at kommunestyre har i stor grad ukritisk basert seg på konklusjonen i tilrådinga frå rådmannen. Gjerløw skriv at avgjerda er fatta basert på ei uriktig informasjonsavgrensing samt ufullstendig og feilaktig forståing av faktum.

Gjerløw presiserer fylgjande i sin klage: « *Det følger av Konsesjonslova §1 og Jordlova §1 at formålet er å legge til rette for den mest gagnlege bruken av arealressursane for samfunnet og dei som har sitt yrke innanfor landbruket. Det vil såleis vera eit relevant moment at det er andre nærliggande gardsbruk som er interessert i landbrukseigedommen. Underteikna meiner dette er eit moment som bør være skjerpande for vurderinga av konsesjonssøknaden.*»

Klagar anfører at tilrådinga frå rådmannen, nemnda Plan og utvikling, samt kommunestyre har feil og manglar i handsaminga.

Gjerløw eig og driv nabobruk. Drifta er sauehald. Han har over lang tid vore leigetakar av jordbruksarealet på konsesjonseigedomen, og denne jorda er ein viktig del av ressursgrunnlaget for drifta hans.

Vedtaket det her er klaga på er eit enkeltvedtak. Eit enkeltvedtak kan påklagast av ein part eller anna med rettsleg klageinteresse i saka, jf *Forvaltningslova* §28. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er kjent.

Søkjar har ved sin advokat Ivar Winjum kommen med merknad til klaga. Han meiner at Gjerløw ikkje har klagerett. Han har er ikkje part i saka, og har heller ikkje rettsleg klageinteresser, heiter det i merknaden. Winjum anføre og at det er lite nytt i klagen.

Gjerløw har også kommentert merknadane frå Winjum. Her heiter det mellom anna at: «Kva anledning har søkjar til å komme med innspel på klage?»

Klage på gjeldande vedtak skal leggjast fram for same forvaltningsorgan til klagehandsaming. Saka vert difor lagt fram til ny handsaming i kommunestyre til Aurland kommune. Dersom klagen ikkje vert teken til fylgje, skal saka sendast til klageinstansen som i denne sake er Fylkesmannen i Vestland.

Vurdering

I tråd med *Forvaltningslova* meiner rådmannen klagen er kommen inn til rett tid og at klagaren har rett til å setta fram klage på vedtak av 12.12.2019 KS 146/19.

Rådmannen meiner klagar har rettsleg klageinteresse, då konsesjonsjorda har ein økonomisk betydning for klagar. Han leiger jordbruksarealet på

konsesjonseigedom, og den er ein viktig del av ressursgrunnlaget for klagaren sin eigen drift.

Vurdering av innspela i klagen:

Rådmannen har gjort ei grundig vurdering av søknaden i forhold til *Konsesjonslova* §9 fyrste ledd. Rådmannen kan ikkje sjå at klagar sine innspel ikkje er vurdert godt nok her.

Lova sin §9 tredje ledd, omhandlar mellom anna at det skal leggjast vekt på omsynet til dei som har yrket sitt i landbruket. Klagar har rett i at å gje konsesjon som omsøkt, ikkje vil ta omsyn til dei som har yrket sitt i landbruket. Rådmannen har den oppfatning at søkjar sitt hovudformål med å kjøpa eigedomen er å driva reiselivsdelen vidare. Men det er ingen sakleg grunn for ikkje å gje konsesjon, då søkjar også legg fram planar for korleis driveplikta på eigedomen skal oppfylgjast. Klagar treng meir landbruksareal for at gardsdrifta skal få eit tryggare ressursgrunnlag, og han har ved fleire høve meldt si interesse for kjøp av tilleggsareal.

Det er nasjonal politikk å leggja til rette for at driftseiningane i landbruket skal få tilgang til større landbruksareal, nettopp for å sikre ressursgrunnlaget for dei som har yrket sitt i landbruket. Det er og det beste for ressursane på landbrukseigedomane at dei vert eigde av dei som ynskjer å driva landbruk, istadenfor å oppfylgja driveplikta med bortleige av landbruksareal.

Klagar meiner at *Konsesjonslova* §1 og *Jordlova* §1 er viktig i vurdering av søknaden. Han meiner at det er eit relevant og skjerpande moment i vurdering av søknaden, at andre nærliggande gardsbruk er interessert i å kjøpa jordbruksareal på konsesjonseigedom som tilleggsjord.

I *Konsesjonslova* §1 heiter det:

«§ 1.(lovens formål)

Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

1. *framtidige generasjoners behov.*
2. *landbruksnæringen.*
3. *behovet for utbyggingsgrunn.*
4. *hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser.*
5. *hensynet til bosettingen.»*

I *Jordlova* §1 heiter det:

«§ 1.Føremål

Denne lova har til føremål å leggja tilhøva slik til rette at jordviddene i landet med skog og fjell og alt som høyrer til (arealressursane), kan verte brukt på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket.

Arealressursane bør disponerast på ein måte som gir ein tenleg, variert bruksstruktur ut frå samfunnsutviklinga i området og med hovudvekt på omsynet til busetjing, arbeid og driftsmessig gode løysingar.

Ein samfunnsgagnleg bruk inneber at ein tek omsyn til at ressursane skal disponerast ut frå framtidige generasjonar sine behov. Forvaltninga av arealressursane skal vera miljøforsvarleg og mellom anna ta omsyn til vern om jordsmonnet som produksjonsfaktor og ta vare på areal og kulturlandskap som grunnlag for liv, helse og trivsel for menneske, dyr og planter.»

Rådmannen meiner at det i handsaming av søknaden er, teke omsyn til formåla både i *Konsesjonslova* og *Jordlova*.

Som det kjem fram tidlegar i vurderinga av klagen, meiner rådmannen at Wangen sitt hovudformål med å kjøpa konsesjonseigedom, er å driva og vidareutvikla reiselivsdelen på konsesjonseigedom. Sjølv om føremålet til dei to loven i hovudsak skal ta omsyn til dei som har yrket sitt i landbruket og at arealressursane vert brukt på den måten som er mest gagnleg for dei som har yrket sitt i landbruket, er det ikkje ein sakleg grunn for ikkje å gje konsesjon som omsøkt. Deler av konsesjonseigedom har godkjend reguleringsplan, der formålet mellom anna er turistføremål og landbruk, sjå vedlegg. Arealressursen på denne eigedom er alt vurdert og godkjend til å vera ein kombinasjon mellom landbruk og turistføremål. Noko som og Wangen har erfaring med, frå sin landbruksdrift kombinert med utleigeeiningar på gardsbruket sitt i Flåm. Rådmannen meiner likevel at jordbrusarealet på konsesjonseigedom også er godt eigna som tilleggsjord til nærliggande eigedomar. Ei frådeling av areal som er regulert til turistføremål, med sal av resten av landbrukseigedom til anna landbrukseigedom i drift, vil vera i tråd med *Jordlova*. Dette er og eit alternativ eigaren har fått presenter hjå landbrukskontoret. Det er likevel viktig å merka seg at kommunen ikkje kan bestemma kven som evt skal kjøpa areal som tilleggsjord.

Rådmannen kommenterer ikkje innspel som gjeld drøftingar og habilitetsspørsmål i dei politiske møta.

I tråd med *Forvaltningslova* har søkjar fått høve til kommentera klagen frå Gjerløw. Søkjar ved sin advokat, meiner at Gjerløw ikkje har klagerett og at klaga ikkje inneheld nye opplysningar. Rådmannen er samd i at klaga ikkje har nye opplysningar, men meiner at Gjerløw har rettsleg klageinteresse.

Rådmannen kan ikkje sjå at det kjem fram nye moment i saka som gjev grunnlag for å gjere om på vedtaket. Rådmannen tilrår at klaga vert sendt til fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Uprenta vedlegg til saka:

Vedlegg:

Merknad til klage på konsesjonsvedtak av 12.12.2019 - GBNR 8/5 m.fl.

Klage på vedtak i sak 146/19 i kommunestyret 12.12.2019 - fylgjeskriv

Klage på vedtak i sak 146/19 i kommunestyret 12.12.2019

Vedlegg til klage

Melding om vedtak

Siver Wangen - konsesjon ved overtaking av fast eigedom - gnr 8 bnr 5, gnr 26 bnr 2 og 4 i

Aurland kommune

Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom

Kjøpekontrakt

Skisse for Winjum Lodge

Skredkart

Verditakst over landbrukseigedomen Vinjum

Vedkjem konsesjonssøknad på Teigen

Innspel til sak om konsesjon Vinjum

Siver Wangen - søknad om konsesjon ved overtaking av fast eigedom - Aurland kommune

Ber om innsyn - konsesjonssøknad

Svar på innsynskrav - konsesjonssøknad

Svar på innsynskrav - konsesjonssøknad

Søknad om konsesjon

Kjøpekontrakt

Skisse for Winjum Lodege

Kart rasfare

Verditakst

Informasjon om bruksavtale / intensjonsavtale for Teigen i Aurlandsdalen

Bruksavtale I intensjonsavtale for Teigen i Aurlandsdalen

Konsesjonssak GBNR 8/5 med fleire i Aurland

Wangen Siver - konsesjon ved overtaking av fast eigedom - saksgang

Wangen Siver - konsesjon ved overtaking av fast eigedom - saksgang

Wangen Siver - konsesjon ved overtaking av fast eigedom - saksgang

Merknad i konsesjonssak - GBNR 8/5 med fleire

Ber om kopi av dokument

Wangen Siver - konsesjon ved overtaking av fast eigedom - innsyn i dokument

Konsesjonssak - GBNR 8/5 med fleir

Konsesjon ved overtaking av fast eigedom - innsyn i dokument

Wangen Siver - konsesjon ved overtaking av fast eigedom - gnr 8 bnr 5 m.fl. - Aurland kommune

Wangen Siver - konsesjon ved overtaking av fast eigedom - gnr 8 bnr 5 m.fl. - Aurland kommune - melding om vedtak

Wangen Siver - konsesjon ved overtaking av fast eigedom - klage på vedtak - saksgang

Reguleringsplan Vinjane kart

Reguleringsplan Vinjane.1pdf